



# Høgskulen på Vestlandet

## MR691 Masteroppgave i organisasjon og ledelse

MR691-MA-2023-HØST-FLOWassign

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	06-10-2023 09:00 CEST	<b>Termin:</b>	2023 HØST
<b>Sluttdato:</b>	20-10-2023 14:00 CEST	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Masteroppgave		
<b>Flowkode:</b>	203 MR691 1 MA 2023 HØST		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Kandidatnr.:</b>	257
---------------------	-----

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	25367
----------------------	-------

**Egenerklæring \*:** Ja  
**Jeg bekrefter at jeg har** Ja  
**registrert**  
**oppgavetittelen på**  
**norsk og engelsk i**  
**StudentWeb og vet at**  
**denne vil stå på**  
**vitnemålet mitt \*:**

### Gruppe

<b>Gruppenavn:</b>	(Anonymisert)
<b>Gruppenummer:</b>	4
<b>Andre medlemmer i gruppen:</b>	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



# MASTEROPPGÅVE

Kommunale handlingsplanar

- ei temaanalyse av grunnskulen sitt arbeid med elevfråvær.

Municipal Document

-a thematic analysis of the primary school's work with student absenteeism.

Marte Juklestad Kvammen

Masterstudium i organisasjon og leiing, utdanningsleiing

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap

Institutt for samfunnsvitenskap

20.10.2023.

Jeg bekrefter at arbeidet er selvstendig utarbeidet, og at referanser/kildehenvisninger til alle kilder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Føreord

Ei gjentakande utfordring i skulekvardagen, blant meg og mine kollegaer, er elevar som ikkje vil på skulen. Dette er utgangspunktet for denne masteroppgåva om «*Kommunale handlingsplanar – ei temaanalyse av grunnskulen sitt arbeid med elevfråvær*». Intensjonen med denne masteroppgåva var å lære meir om korleis andre kommunar arbeider med elevfråvær. Ved å studere kommunale dokument for arbeid med elevfråvær i grunnskulen, har eg tileigna meg meir kunnskap om korleis kommunale handlingsplanar legg grunnlaget for skulane sitt arbeid med fråvær.

Det å skulle løyse utfordringar med elevfråvær er ein bit i eit komplekst og avansert skulesystem. I arbeidet med denne masteroppgåva, har eg innsett at mitt engasjement for å få ned elevfråvær må harmonere med korleis andre tilsette arbeider med same fokus. Vi som arbeider saman må dele erfaringar, diskutere utfordringar og løysingar, for det er slik vi kan og bør utvikle og forbetre oss. Masterutdanninga har vore ei kunnskapsrik reise gjennom fordjuping i teori, politikk, forskning, praksis og refleksjonar. Det er i fellesskap vi som skule og nasjon kan utvikle samfunnet, også med å få ned elevfråværet.

Det er fleire som fortener takk for at eg er i mål med masterstudium i organisasjon og leiing ved Høgskulen på Vestlandet. Takk til mine tre vidunderlege barn for alle gullkorn, gode klemmar og heiarop (bokstavleg talt) undervegs i prosessen. Takk til sambuaren min som har oppmuntra meg. Takk til familien min som har stilt opp slik at kvardagar og helgar har gått rundt. Og tusen takk til rettleiaren min, Geir Skeie, for konstruktive og raske tilbakemeldingar. Denne masteroppgåva hadde eg ikkje kome i mål med utan dykk alle. Ei knallhard prioritering av tid, for å fullføre denne masteroppgåva, er endeleg over.

## Samandrag

### Bakgrunn

Det er ikkje alle elevar som fullfører grunnskulen i vårt samfunn. For høgt fråvær er ei av årsakene til dette. Denne masterstudien analyserer korleis kommunale handlingsplanar tilrår at tilsette i grunnskular skal arbeide med elevfråvær.

### Metode

Metoden i masterstudien er komparativ casestudie med kvalitativ tilnærming, som er brukt for å få svar på problemstillinga. Det er gjennomført ein kvalitativ temaanalyse, av fem kommunale handlingsplanar som handlar om grunnskulen sitt arbeid med elevfråvær.

### Resultat

I dei fem kommunale handlingsplanane som er undersøkte er det i ulik grad arbeidd med førebygging, definisjonar og oppfølging av elevfråvær. I førebygging er eit tiltak å føre fråvær på elevar, samt at dei føresette skal melde inn fråvær. Det er ulik praksis om tilsette får opplæring i handlingsplanen, og om elevar og føresette får informasjon om fråværsrutinar. Det er også ulikt om tilsette skal evaluere handlingsplanen, om fråvær er fast sak på møte, kven av dei tilsette som skal ha oversikt over fråværet og i kva grad leiinga skal vere involvert i arbeidet med fråværet. Under definisjonar av elevfråvær er det likt at kommunane har definisjonar for «alvorleg elevfråvær», og at når denne er oppfylt blir det iverksett ein oppfølgingsplan. Men det er ulikt korleis kommunane definerer «alvorleg elevfråvær». I oppfølging av elevfråvær er det likt i handlingsplanane at heimen skal bli kontakta når eleven har alvorleg fråvær, og at kontaktlærar skal samarbeide med foreldre og elev og eventuelt andre tilsette eller instansar for å lage ein samarbeidsavtale med tiltak for å betre fråværet. Etter ei tid skal tiltaka enten bli justerte eller vidareførte, med påfølgande ny evaluering. I alle dei fem handlingsplanane er det forslag til korleis tilsette kan arbeide med oppfølging.

### Konklusjon

Det er både likskapar og ulikskapar i korleis kommunar tilrår at tilsette i grunnskular skal arbeide med elevfråvær. Ein veit heller ikkje om dei gjeldande handlingsplanane har påverka fråværet etter at dei blei innførte.

### Nøkkelord

Fråvær, handlingsplan, oppfølging, førebygging, definisjon, samarbeid, tiltak, elev, tilsette.

## Summary

### **Background**

Not all pupils complete primary school in our society. Excessive absenteeism is one of the reasons for this. This master's study analyzes how municipal action plans recommend that staff in primary schools should work with student absenteeism.

### **Method**

The method in the master's study is a comparative case study with a qualitative approach used to get an answer to the problem. A qualitative thematic analysis has been carried out, of five municipal action plans that deal with the primary school's work with pupil absenteeism.

### **Result**

In the five municipal action plans that have been examined, work has been done to varying degrees on prevention, definitions and follow-up of pupil absenteeism. In prevention, one measure is to report pupil absences, by both staff and parents. There are different practices as to whether staff receive training in the action plan and whether pupils and parents receive information about absence routines. It is also different whether staff should evaluate the action plan, whether absence is a regular issue at meetings, which of the staff should have an overview of the absence and to what extent the school management should be involved in the work on the absence. Under definitions of pupil absence, all the municipalities have definitions for "serious pupil absence", and that when this is met, a follow-up plan is implemented. But it is different how the municipalities define "serious student absenteeism". In the follow-up of pupil absences, it is agreed in the action plans that the parents should be contacted when the pupil has serious absences, and that contact teachers should collaborate with parents and pupils and possibly other staff or agencies to draw up a cooperation agreement with measures to improve the absence. After some time, the measures must either be adjusted or continued, with subsequent new evaluation. In all five action plans, there are proposals for how staff can work with follow-up.

### **Conclusion**

There are both similarities and differences in how municipalities recommend that staff in primary school work with pupil absence. It is also not known whether the current action plans have affected absenteeism after they were introduced.

**Keywords**

Absence, action plan, follow-up, prevention, definition, cooperation, measures, student, employee.

## Innhald

<b>1. Bakgrunn og relevans for masterstudien.....</b>	<b>8</b>
1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	8
1.2 Formål med masterstudien .....	9
1.3 Definisjonar og klargjering av omgrep i problemstillinga .....	9
1.4 Kunnskapsstatus.....	10
1.5 Oppgåva si oppbygging og innhald.....	12
<b>Teori.....</b>	<b>14</b>
<b>2. Kontekstuelle forhold: Politikksirkelen .....</b>	<b>14</b>
2.1 Dagsorden .....	14
2.2 Politikkutforming.....	15
2.3 Vedtak.....	17
<b>3. Bolman og Deal (2018) sine fire fortolkingsrammer.....</b>	<b>19</b>
3.1 Den strukturelle ramma .....	20
3.2 Human Resource-ramma .....	21
3.3 Den politiske ramma .....	22
3.4 Den symbolske ramma .....	22
<b>4. Metodologisk framgangsmetode .....</b>	<b>24</b>
4.1 Kvalitativ metode .....	24
4.2 Design.....	24
4.2.1 Case studie .....	24
4.2.2 Komparativt design .....	25
4.3 Konstruktivismen.....	25
4.4 Hermeneutisk forskingslogikk .....	25
4.5 Utvalet - datamateriale frå fem kommunale handlingsplanar i Norge .....	26
4.6 Temaanalyse og analyseprosess.....	28
4.7 Validitet og reliabilitet i studien .....	29
4.8 Ein etisk refleksjon over val av metode.....	30



<b>5. Analyse og resultat .....</b>	<b>31</b>
5.1 Førebygging av elevfråvær .....	31
5.1.1 Den strukturelle ramma .....	32
5.1.2 HR-ramma.....	38
5.1.3 Den politiske ramma .....	41
5.1.4 Den symbolske ramma .....	44
5.2 Definisjonar av elevfråvær .....	46
5.2.1 Den strukturelle ramma .....	47
5.2.2 HR-ramma.....	49
5.2.3 Den politiske ramma .....	50
5.2.4 Den symbolske ramma .....	51
5.3 Oppfølging av alvorleg elevfråvær .....	52
5.3.1 Den strukturelle ramma .....	55
5.3.2 HR-ramma.....	57
5.3.3 Den politiske ramma .....	59
5.3.4 Den symbolske ramma .....	61
<b>6. Drøfting av funn.....</b>	<b>63</b>
6.1 Elevfråvær .....	63
6.1.1 Bolman & Deal (2018): Førebygging, definisjon og oppfølging av elevfråvær.....	63
6.2 Funn i forskingsspørsmåla .....	64
6.2.1 Korleis er arbeidsoppgåvene til tilsette organisert? .....	64
6.2.2 Korleis skal tilsette utføre arbeidsoppgåvene? .....	64
6.2.3 Korleis kan makt og konflikt oppstå i arbeidet med elevfråvær? .....	65
6.2.4 Korleis arbeider tilsette for at eleven skal vere på skulen? .....	65
6.3 Drøfting av funn i lys av kunnskapsstatus .....	65
6.4 Drøfting av funn i lys av politikksirkelen .....	66
6.5 Kva for rammer kastar best lys over problemstillinga?.....	69
6.6 Kort refleksjon over at det ikkje finst ei nasjonal oversikt over skulefråvær.....	69
6.7 Forslag til vidare forskning .....	70
<b>7. Litteraturliste.....</b>	<b>71</b>
Tabell og figuroversikt.....	73

## 1. Bakgrunn og relevans for masterstudien

Utdanningsdirektoratet har fått signal frå blant anna statsforvaltarar og sektororganisasjonar om at fleire elevar enn tidlegare har bekymringsfullt fråvær (Kjeøy & Lysvik, 2023). Det er lovregulert at alle barn i Noreg har rett og plikt til ei 10 år lang obligatoriske grunnskuleopplæring (Opplæringslova, 2022, § 2-1). Det er også krav og lover om korleis barn skal ha det i skulen. Mellom anna skal skulen bidra til at elevar får eit grunnlag slik at dei kan meistre sine eigne liv og delta i samfunnet (Meld.St.28 (2015-2016)). Elevane skal også ha eit trygt og godt læringsmiljø (Opplæringslova, 2022, § 9 A-2). Desse utdraga frå sentrale utdanningspolitiske dokument gir eit lite innblikk i kva grunnskular skal arbeide for. Samtidig står nokre tilsette i grunnskulen i ein arbeidskvardag der elevar ikkje vil på skulen. Eit godt utdanningssystem kvalifiserer for arbeid i eit kunnskapsbasert arbeidsmarknad, og synes til å vere nøkkelen til økonomisk vekst (Volckmar, 2016, s. 145).

Skular og pedagogisk-psykologisk-teneste (PPT) rapporterer om auka skulefråvær (Havik, 2018, s. 13). Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) uttrykker at det ikkje finst ein nasjonal statistikk over skulefråvær, og kan derfor heller ikkje seie om det er auke eller ikkje i skulefråværet (Nrk, 2022b). Ein konsekvens av at elevar ikkje går på skule, kan vere at dei blir avhengige av trygdeordningar og på lang sikt blir ein stor kostnad for samfunnet (Falch, Johannesen & Strøm, 2009; Havik, 2018, s. 17). Unge med fullført utdanning og lite skulefråvær vil stille fremst i køa i utdanningsmarknaden, og derfor er det viktig at elevane er til stades på skulen, utan for mykje ugyldig eller udokumentert fråvær (Havik, 2018, s. 16). Problemstillinga og forskingsspørsmåla er utforma for å undersøke korleis fem kommunar i Noreg arbeider med elevfråvær.

### 1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

Denne masterstudien undersøker følgjande problemstilling:

*«Korleis tilrår kommunale handlingsplanar at tilsette i grunnskular kan arbeide med elevfråvær?»*

Til hjelp for å finne svar på problemstillinga er det utarbeidd fire forskingsspørsmål. Dei fire forskingsspørsmåla er følgande:

- Korleis er arbeidsoppgåvene til tilsette i skulen organiserte?
- Kva er innhaldet i arbeidsoppgåvene?
- Korleis kan makt og konflikt oppstå i arbeidet?
- Korleis arbeider tilsette for at eleven vil vere på skulen?

## 1.2 Formål med masterstudien

Formålet med masterstudien er å få auka kunnskap om korleis kommunale handlingsplanar tilrår at tilsette i grunnskular kan arbeide med elevfråvær.

## 1.3 Definisjonar og klargjering av omgrep i problemstillinga

### **Elevfråvær**

Definisjonane som dei enkelte kommunane bruker om ulike typar fråvær er presenterte i kapittel 5. I denne studien vil også «alvorleg elevfråvær» vere omtalt. Dette omgrepet er eit uttrykk for elevar med så høgt fråvær at skulen har tilrettelagd oppfølging.

### **Tilrår**

Ordet «tilrår» er brukt i problemstilling for å få fram at det er innhaldet i handlingsplanane som er analysert. Dette inkluderer ikkje korleis tilsette praktiserer handlingsplanane.

### **Tilsette**

Ordet «tilsette» er brukt for å finne ut av korleis arbeidsoppgåver er fordelte mellom dei tilsette i grunnskulen, og kven av dei tilsette i grunnskulen som er involverte i arbeidet med elevfråvær.

## 1.4 Kunnskapsstatus

I dette delkapittelet presenterast tre artiklar som handlar om risikofaktorar knytt til elevfråvær og skulefråfall (Gubbels et al., 2019), skuleoppmøte og skulefråvær (Kearney et al., 2019) og førebygging av skulefråvær (Cook et al., 2017). Artiklane formidlar ulike sider av bakgrunnen for elevfråvær, og tiltak som kan settast i verk som førebyggjande tiltak.

Artikkelen «Risk Factors for School Absenteeism and Dropout: A Meta-Analytic Review» formidlar at det kan vere ulike livsløpsproblem som er forbunde med skulefråvær og fråfall (Gubbels et al., 2019). Studien er retta mot tilgjengeleg dokumentasjon på skulefråvær og fråfall. Det blei mellom anna funne at barn med skulefråvær kan ha negativ haldning til skule, misbruke rusmiddel eller at det er lågt foreldre-skuleengasjement (ibid). I resultatata frå skulefråfall blei det mellom anna funne at barnet hadde låg IQ eller lærevanskar og låg akademisk prestasjon (ibid). Ungdommar som har overdrive høgt fråvær har høgare risiko for permanent fråfall (Kearney, 2008a; Gubbels et al., 2019). Konklusjonen i studien er at mange ulike livsløpsproblem er forbunde med skulefråvær og skulefråfall (Gubbels et al., 2019). Denne artikkelen er relevant for å undersøke om handlingsplanane har rutinar for å arbeide med å kartlegge ulike livsløpsproblem hos eleven, og om og når dette skjer i arbeidet i grunnskulen.

I artikkelen «Reconciling Contemporary Approaches to School Attendance and School Absenteeism: Toward Promotion and Nimble Response, Global Policy Review and Implementation, and Future Adaptability (Part 1)» (Kearney et al., 2019) vert det formidla at skulefråvær har vore knytt til mange negative konsekvensar på kort og lang sikt, også i vaksen alder. Også i denne studien viser funn at ungdommar som har høgt fråvær har høgre risiko for permanent fråfall (ibid). Det er laga eit spekter som handlar om at barnet er fullt til stades ved skulen og gradvise endringar til barnet har fullstendig fråvær. Spekteret ser slik ut:

Figur 1: Spekter av skuleoppmøte og problem (Kearney et al., 2019).



I spekteret ser ein til venstre at eleven ikkje har utfordringar eller problem med fråvær. Deretter utviklar spekteret seg mot høgre, slik at ein gradvis kan oppdage korleis fråvær utviklar seg (Kearney et al., 2019). Denne dimensjonen gir moglegheit for å identifisere skuleoppmøteproblem (ibid). Grunnen til at denne artikkelen er relevant i denne studien er for å undersøke om det står i dei kommunale handlingsplanane at tilsette skal arbeide med å identifisere utfordringar ved sine elevar, og/eller om det blir arbeidd med eit slikt eller liknande spekter.

I artikkelen «A new program to prevent primary school absenteeism: Result of a pilot study in five schools» er det forska på å førebygge fråvær gjennom programmet «Early Truancy Prevention Project» (ETPP) (Cook et al., 2017). I studien er det presentert resultat frå fem skular (ibid). I programmet ETPP inneber det tre nivå. På nivå 1 er det universelle tiltak for å førebygge fråvær (ibid). På nivå 2 og 3 er det fokuserte tiltak dersom eleven har eit problematisk oppmøtemønster til skulen (ibid). I denne delen skal mellom anna ein lærar på heimebesøk for å få informasjon om eleven sin heim, samt etablere eit produktivt samarbeid mellom foreldre og lærarar (ibid). Kvar lærar skal ha ein smarttelefon slik at ein kan ha hyppig kommunikasjon med foreldre via tekst, e-post eller samtale, og for å ha tilgang til andre hjelpemiddel (ibid). Annankvar veke skal lærarar ha informasjon om fråværet, for å kunne identifisere fråværsproblem (ibid). Målet var å forbetre foreldre-lærar-kommunikasjonen (ibid). Analysen indikerte at ETPP reduserte fråvær utan at lærarane blei for mykje belasta (ibid). Dette programmet reduserte fråvær med ca. 10% (ibid).

Artiklane vil i drøftingsdelen vere knytt opp til følgjande:

Artikkelen «Risk Factors for School Absenteeism and Dropout: A Meta-Analytic Review» (Gubbels et al., 2019) er brukt for å undersøke om handlingsplanane har rutinar i grunnskulen for å kartlegge ulike livsløpsproblem hos barnet. Artikkelen «Reconciling Contemporary Approaches to School Attendance and School Absenteeism: Toward Promotion and Nimble Response, Global Policy Review and Implementation, and Future Adaptability (Part 1)» (Kearney et al., 2019) er brukt for å undersøke om det står i dei kommunale handlingsplanane at tilsette skal kartlegge elevar ved å bruke eit spekter av identifisere utfordringar på bakgrunn av fråvær. I artikkelen «A new program to prevent primary school absenteeism: Result of a pilot study in five schools» er det forska på å førebygge fråvær gjennom programmet «Early Truancy Prevention Project» (ETPP) (Cook et al., 2017). Denne artikkelen vil vere grunnlaget for å belyse handlingsplanane si betydning for rutinar, slik at det blir

arbeidd med universelle tiltak for å førebygge fråvær, eller om det blir arbeidd med fokuserte tiltak dersom eleven har problematisk oppmøtemønster.

## 1.5 Oppgåva si oppbygging og innhald

I kapittel 1 presenterast bakgrunn og relevans for masterstudien, problemstilling, forskings spørsmål formål med studien og definisjonar av ord i problemstillinga. I kunnskapsstatus presenterast følgjande artiklar: Risk Factors for School Absenteeism and Dropout: A Meta-Analytic Review (Gubbels et al., 2019), «Reconciling Contemporary Approaches to School Attendance and School Absenteeism: Toward Promotion and Nimble Response, Global Policy Review and Implementation, and Future Adaptability (Part 1)» «A new program to prevent primary school absenteeism: Result of a pilot study in five schools» (Cook et al., 2017). Artiklane er grunnlaget for å kaste lys over teoretisk analyse (kap. 4). Avslutningsvis er ei oversikt over innhaldet i masteroppgåva.

Kapittel 2 er første del av teoridelen i masteroppgåva. Det er tatt utgangspunkt i Howlett et al., (2020 s. 8) sin formidling av rammeverket «politikksirkelen» for å gi oversikt over ein politisk prosess. Politikksirkelen er brukt for å forklare kontekstuelle forhold knytt til kommunale handlingsplanar. Dei tre første trinna i politikksirkelen, dagsorden, politikkkutforming og vedtak (Howlett et al., 2020, s. 11), er skisserte og forklarte. Under dagsorden er det skrive om dagsaktuelle nyheiter som belyser fråværsproblematikk i grunnskulen. I delen som handlar om politikkkutforming er det vist utdrag frå nokre stortingsmeldingar som handlar om elevfråvær. Under delkapittel Vedtak er det inkludert moment frå Opplæringslova som viser relevans for grunnskulen sitt arbeid med elevfråvær, samt føresette sitt ansvar.

I kapittel 3 er det teoretiske rammeverket til Bolman og Deal (2018) og dei fire fortolkingsrammene, den strukturelle ramma, HR-ramma, den politiske ramma og den symbolske ramma, presenterte. Teori knytt til kvar ramme er her forklart, samt korleis rammene og forskings spørsmåla er brukte for å analysere innhaldet i dei kommunale handlingsplanane for å finne svar på problemstillinga.

Kapittel 4 inneheld metodologisk framgangsmåte. Det er brukt kvalitativ metode i denne studien. Den første delen inneheld det vitskapsteoretiske grunnlaget. Det er nytta komparativt design. Case er frå fem kommunale handlingsplanar. Det teoretiske grunnlaget om vitskapsteori er hermeneutisk tilnærming (Fangen, 2022), inkludert teori om forskingslogikken og konstruktivismen Bukve (2021).

Teorigrunnlaget for komparativ design og casestudia er henta frå Ringdal (2020, s.171-190) og Bukve (2021, s. 125-137). Det er vist til Thagaard (2018, s. 171-177) i forklaring av kvalitativ undersøkning og temaanalyse. I analyseprosessen er det tatt utgangspunkt i Miles & Hubermans (1994) si generelle framstilling av ein interaktiv analyseprosess for kvalitative data i (Ringdal, 2020, s. 252). Deretter er validitet og reliabilitet presentert.

I kapittel 5 er funna i frå analyseprosessen presenterte. Funna er delt inn i tre tema: Førebygging av elevfråvær, definisjonar av elevfråvær og oppfølging av elevfråvær. Kvart tema er analysert i lys av Bolman & Deal (2018) sine fire rammer.

Kapittel 6 inneheld refleksjonar, oppsummering og konklusjon. Første del omhandlar funna i lys av Bolman & Deal (2018). Deretter er det ein refleksjon over kva rammer som kastar best lys over problemstillinga. Siste del av kapittelet er ei oppsummering av funn frå forskingsspørsmåla. Vidare er funna samanlikna opp mot kunnskapsstatus, og deretter er funna sette opp mot politikksirkelen. Til slutt i kapittelet er det forslag til vidare forskning. I siste del av masteroppgåva er litteraturlista og ei oversikt over tabellar og figurar presentert.

## Teori

### 2. Kontekstuelle forhold: Politikksirkelen

I arbeidet med å finne kommunale handlingsplanar synte det seg at nokre kommunar har handlingsplanar offentleg på heimesidene sine, medan andre kommunar ikkje har det. Med utgangspunkt i politikksirkelen (Howlett et al., 2020, s. 11) kan ein forstå den politiske prosessen som ligg bak kommunar si utarbeiding av handlingsplanar slik:

- 1) Dagsorden
- 2) Politikkkutforming
- 3) Vedtak
- 4) Iverksetting
- 5) Evaluering

«Dagsorden» er brukt for å ramme inn når og kvifor kommunale handlingsplanar om elevfråvær kom på dagsorden, sett i lys av nokon nyheitssaker. Under «Politikkutforming» blir det vist til og diskutert nokre politiske utformingar knytt til kommunale handlingsplanar og elevfråvær med utgangspunkt i nokre stortingsmeldingar. Under «Vedtak» er det tatt utgangspunkt i Opplæringslova for å diskutere kva som er vedteke om kommunale handlingsplanar og elevfråvær i norsk skule. Dei to siste trinna «Iverksetting» og «Evaluering» er ikkje er tatt med fordi problemstillinga skal undersøke korleis tilsette skal og bør arbeide med elevfråvær, med bakgrunn i dagsorden, politikkkutforming og vedtak, og ikkje korleis handlingsplanane faktisk blir iverksette eller evaluerte. Fordelen med å nytte den politiske ramma er for å finne ut korleis nyheitsbilde, stortingsmeldingar og Opplæringslova påverkar at grunnskular har utarbeidd kommunale handlingsplanar om elevfråvær. Utfordringa med å belyse kontekstuelle forhold er at det er mange nyheitssaker, stortingsmeldingar og lover som kan vere relevante, og derfor vil det vidare bli presentert eit utval av desse.

#### 2.1 Dagsorden

Saker som kjem på dagsorden til regjeringa gjer dette fordi politikarar bestemmer seg for at utfordringa treng deira prioritering og merksemd (Howlett et al., 2020, s. 11). Eit døme på dette er at Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å vurdere korleis vi kan betre informasjon om fråvær i skulen, og kva som kan bli gjort for å auke «tilstedeværelsen» på kort og lang sikt (Nrk, 2022b). Ho fortel også at det ikkje finst ein nasjonal statistikk over skulefråvær,



og derfor kan ein heller ikkje seie om det er auke eller ikkje i skulefråværet (ibid). I tillegg trekker ho fram at frå 1. august (2022) blei velferdstenestene sine plikter til å samarbeide med kvarandre tydeleggjorde og styrka, der mellom anna PPT, skulehelsetenesta, barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og barnevern blir nemnt (ibid). Eit anna døme kjem frå professor ved Universitetet i Sørøst-Norge, Marie-Lisbet Amundsen, som har forska på ufrivillig skulefråvær. Ho meiner det må på plass ei lovendring, som sikrar at alle skular har ein handlingsplan når elevar ikkje vil på skulen, slik at tiltak blir sette inn umiddelbart (Nrk, 2022b). Også Trude Havik (2020) forskar på skulefråvær, og ho etterlyser eit nasjonalt registreringssystem for å få oversikt over elevane sitt fråvær og fråværsmonster. I følgje ho utviklast skulefråvær gradvis, og derfor er det viktig med tidlege tiltak (Havik, 2020). Stortingsrepresentant Mathilde Tybring Gjedde seier at dei (Høgre) ynskjer seg ei nasjonal oversikt over fråværet til norske elevar (Nrk, 2022a). Ho meiner dette er kunnskap om norske elevar som vi manglar. Høgre ynskjer ei oversikt som vil gi moglegheit til å sjå kva trinn fråværet startar på, og korleis det ser ut i dei ulike kommunane (ibid). Gjedde meiner dette er kunnskap om norske elevar som vi manglar. Ho viser til at Danmark har eit slikt system på plass. Mobbeomboda i Vestland, Vestfold, Telemark og Møre og Romsdal melder om auking i skulefråvær (Nrk, 2022b). Mobbeombodet i Innlandet seier det er vanskeleg å vite om det er auke, fordi det ikkje finst statistikk på dette (ibid).

Fordelen med å ta utgangspunkt i nyheiter under «Dagsorden» er for å få fram at Kunnskapsministeren, politikarar, forskarar og mobbeombod etterlyser informasjon og belyser utfordringar knytt til elevfråvær. Det svake med å avgrense «Dagsorden» til nyhendesaker er at argumenta er frå få personar med sentrale posisjonar. Sentralpolitiske dokument kunne også her gitt perspektiv på dagsorden.

## 2.2 Politikkutforming

I politikkutforminga blir det laga forslag til korleis ein kan løyse utfordringar som har kome på dagsorden (Howlett et al., 2020, s. 11). I meldingar til Stortinget er det regjeringa som sender over sine forslag i form av proposisjonar og meldingar (Stortinget, 2022). Meldingane er enten drøfting av framtidig politikk, eller ein rapport til Stortinget om arbeid på eit bestemt felt (ibid). Grunnen til at det er interessant å belyse stortingsmeldingar, er for å finne ut om det står noko i desse om kommunale handlingsplanar og/eller elevfråvær. Stortingsmeldingane er nedanfor presenterte i ein tabell for å få fram ei kort oversikt over korleis innhaldet i dei kan ha vore bakgrunn for at det blir utforma kommunale handlingsplanar for elevfråvær. Til venstre er namnet på stortingsmeldinga, i

midten er det eit kort utdrag av innhaldet og til høgre er det ei kort forklaring av kvifor meldinga er relevant for studien.

Tabell 1: Meldingar til Stortinget og relevans for studien.

Meldingar til Stortinget		Relevans for studien
2006-2007 <i>St.meld. nr. 16 ...og ingen sto igjen.</i>	Basert på PISA-undersøkinga frå 2000 finst det berekningar om fråvær blant 15-åringar som tyder på at rundt 10 prosent av disse elevane har høgt fråvær, noko som tyder på at skjult fråfall i grunnskulen kan vere eit omfattande problem (Willms 2003; St. meld. nr. 16 (2006-2007), s. 45).	Dette viser at fråvær og fråfall i grunnskulen har vore på dagsorden sidan minst frå tidleg 2000-tal.
St.meld. nr. 31 <i>Kvalitet i skolen 2007-2008.</i>	Fråværet til eleven skal førast kvar termin, men det må ikkje bli ført på vitnemålet (St.meld. nr. 31 (2007-2008), 2007-2008, s. 56). <i>Departementet vil sende på høyring et forslag om at elevens fravær på ungdomstrinnet blir påført vitnemålet</i> (ibid).	Ei registrering av fråværet blir her sett i gong.
Meld. St. 21 (2016-2017) <i>Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen.</i>	I skuleåret 2014-2015 var 9,3 prosent utanfor arbeid og utdanning (Meld. St. 21 (2016-2017), s. 22).	Ein ser her at framleis er fråvær frå utdanning (og arbeid) ei utfordring.
Meld. St. 6 (2019-2020) <i>Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og sfo.</i>	Fråværstal for 10. trinn (2018/2019) viser at elevar i snitt hadde seks dagar og fem timar fråvær (Meld. St. 6 (2019-2020)). Skulane må følgje opp elevar med høgt fråvær (ibid). Regjeringa forventar at skulane fangar opp fråvær og følgjer opp elevar med høgt fråvær i grunnskulen, og at dei har gode registreringssystem. Tverrfagleg samarbeid er viktig. Departementet har bedt Utdanningsdirektoratet om å lage ein rettleiar for oppfølging av fråvær i grunnskulen (ibid).	Skulane får her føringar frå Kunnskapsdepartementet knytt til arbeid med elevfråvær.

Utdraga over viser at i over 20 år har fråvær vore omtala i stortingsmeldingar, og at det sidan år 2019/2020 er forventa at skulane skal ha gode registreringssystem og følgje opp elevar med høgt fråvær (Meld. St. 6 (2019-2020)). Men sidan vegen for utforming av politikk går gjennom lovverket, er det derfor nedanfor presentert relevante utdrag frå Opplæringslova med vekt på å få fram korleis grunnskulane skal arbeide med elevar.

## 2.3 Vedtak

I vedtaket er det ein formell eller uformell handlingsplan som viser kva som skal bli iverksett (Howlett et al., 2020, s. 11). Nedanfor er det presentert eit utval av paragrafar frå Opplæringslova som er med på å belyse skulen sitt ansvar i arbeidet med elevar. Mellom anna regulerer Opplæringslova korleis grunnskular skal ivareta elevar, formålet med opplæringa, skuleeigar sin plikt til å sørge for grunnopplæringa og elevane sine rettigheter og plikter (Erdis & Bjerke, 2009, s. 14).

Tabell 2: Utdrag frå Opplæringslova og relevans for studien

Utdrag frå Opplæringslova (2022)		Relevans for studien
(Opplæringslova, 2022, § 1-1)	Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst.	Korleis kjem det fram i handlingsplanane at skulen arbeider med dette?
(Opplæringslova, 2022, § 1-3)	Eleven skal ha tilpassa opplæringa etter evner og føresetnadar.	Står det noko om tilpassing i handlingsplanane?
(Opplæringslova, 2022, § 2-1).	Foreldre eller andre som har omsorg for eleven blir straffa med bøter dersom fråvær kjem av at dei har handla forsetteleg eller aktlaust.	Får fråværet konsekvensane for foreldra? Korleis blir dette kartlagt i tilrådingane?
(Opplæringslova, 2022, § 2-1).	Alle barn i Noreg har rett og plikt til grunnskuleopplæring.	Korleis tilrår handlingsplanane at dette skal bli gjennomført?
(Opplæringslova, 2022, § 9-1).	Rektorar skal leie opplæring i skular.	Rektor har ei rolle i arbeidet dersom elevar har fråvær.
(Opplæringslova, 2022, § 9 A-2)	<i>Alle elevar har rett til eit trygt og godt læringsmiljø (...).</i>	Blir det kartlagt i tilrådingane kvifor elevane ikkje vil på skulen?
(Opplæringslova, 2022, § 5-4).	<i>Eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng.</i>	Blir andre instansar involverte i arbeidet med elevfråvær dersom det kan vere behov for det?

Fordelen med å belyse utdrag frå Opplæringslova (2022) er for å synleggjere at både skulen og føresette har eit ansvar når det kjem til at barnet skal vere på skulen. Ulempa med å syne til utdrag frå Opplæringslova er at det er mange lover som omfattar skulen sitt arbeid og korleis elevar skal ha

det, og derfor kan det vere ulike lover som trer i verk ulikt på bakgrunn av kva som er grunnen til fráværet. Derfor kan det vere at utdraga i tabellen ovanfor ikkje har omtala alle relevante lover.

### 3. Bolman og Deal (2018) sine fire fortolningsrammer

Bolman & Deal (2018) hevdar at det for å vurdere ein situasjon krev evne til å sjå situasjonen frå meir enn ein synsvinkel (Bolman & Deal, 2018, s. 32). Dei hevdar at dei fire rammene, den strukturelle ramma, HR-ramma, den politiske ramma og den symbolske ramma, til saman gjer det mogleg å sjå på same fenomen gjennom ulike perspektiv (Bolman & Deal, 2018, s. 50). På grunn av at denne teorien belyser fire ulike perspektiv for å sjå på innhaldet, kan det vere til hjelp for å finne likskapar og ulikskapar i handlingsplanane. Ved å finne likskapar og ulikskapar i handlingsplanane, kan rammeverket vere med å analysere ulike perspektiv på kva som er fordelar og ulemper med å utføre arbeidsoppgåvene på den eine eller den andre måten. Det er noko som igjen kan føre til at det kan vere fordelar og ulemper med korleis kommunar tilrår at tilsette arbeider med elevfråvær.

Bolman og Deal (2018) sitt destillat er i stor grad basert på samfunnsvitskapane, og særleg sosiologi, psykologi, statsvitskap og sosialantropologi (Bolman & Deal, 2018, s. 42). Termen fortolkningsrammer er brukt av Goffmann, Dewey og andre (Bolman & Deal, 2018, s. 37). Bolman og Deal (2018) trekker fram at alle dei fire rammene blir brukte av både forskarar og praktiskarar, men som regel blir rammene då behandla separat (Bolman & Deal, 2018, s. 42). I 1984 la Bolman og Deal all forskning og praksis under dei fire overordna perspektiva/rammene (Bolman og Deal 1984; Bolman & Deal, 2018, s. 42). Ved å bruke Bolman & Deal (2018) sitt organisasjonsteoretiske rammeverk kan det vere mogleg å skape eit heilskapleg bilde av innhaldet i handlingsplanane. Den strukturelle ramma ser på utforminga av organisasjonen, som til dømes reglar, roller, mål og strategiar (Bolman & Deal, 2018, s. 50). HR-ramma ser på menneske sine sterke og svake sider (ibid) Den politiske ramma ser på organisasjonar som ein konkurransearena, og der kan det mellom anna vere knappe ressursar, rivaliserande interesser og kamp om makt og fordelar (ibid). Den symbolske ramma ser på spørsmål som gjeld meining og tru, som til dømes ritual, seremoniar og kultur (ibid). Ulempa med å nytte rammeverket (Bolman & Deal, 2018) er at innanfor rammene er det ulike teoriar som kan forklare innhald i rammene. Dette har gjort det utfordrande å velje ut teori som kan passe for å analysere datamaterialet. Dermed kan ein konsekvens av å velje ut teori innanfor kvar ramme vere at heilheita av rammene ikkje kjem tydeleg fram, eller at data kan vere utfordrande å få belyst.

På bakgrunn av at det over blei hevda at den strukturelle-, HR-, den politiske- og den symbolske ramma saman gjer det mogleg å sjå på det same fenomenet frå fire ulike perspektiv (Bolman & Deal, 2018, s. 50), skal det kort bli forklart korleis teorien skal bli brukt som analyseramme i studien. Analyseramme heng saman med korleis ein vil bruke teori i eit prosjekt (Bukve, 2021, s. 212). Ved

*bruk av fleksible rammer opererer ein med fleire moglege samanhengar som skal undersøkast* (Bukve, 2021, s. 213). Rammene kan vere fleksible dersom prosjektet legg opp til å undersøke eit empirisk fenomen eller eit sett av empiriske samanhengar, for om mogleg å utvikle generaliseringar og dermed ny teori (ibid). Sidan Bolman & Deal (2018) sitt teoretiske rammeverk er brukt for å undersøke fleire moglege samanhengar for korleis tilsette arbeider med elevfråvær, er analyseramma i denne studien fleksibel. Fordelen med fleksibel ramme er å belyse moglege samanhengar for arbeidsoppgåvene i lys av teori. Ulempa med fleksible rammer er at samhengane mellom kva val eg har gjort for å presentere rammeverket i denne studien, kan vere for snevert for å få belyst intensjonen bak arbeidsoppgåvene i handlingsplanane. Vidare er dei fire rammene presenterte.

### 3.1 Den strukturelle ramma

Den strukturelle ramma ser forbi enkeltpersonar, og undersøker korleis det er å arbeide i den sosiale konteksten (Bolman & Deal, 2018, s. 101). Nokon av grunn tankane bak den strukturelle ramma er at den rette kombinasjonen av mål, roller, relasjonar og samordning vil få folk til å yte (Bolman & Deal, 2018, s. 76). Det er to problem som står sentralt når det gjeld strukturell utforming, differensiering og integrering (Bolman & Deal, 2018, s. 82). Differensiering vil seie korleis arbeidet skal fordelast, medan integrering vil seie korleis dei enkelte sin innsats skal bli koordinert etter at ansvaret er fordelt (ibid). Nøkkelen er arbeidsdeling eller fordeling (Bolman & Deal, 2018, s. 83). Dersom det skjer individuelle feil er det som regel ei større historie bak, der ein ser at det er den organisasjonsmessige og sosiale konteksten som dannar systemfeila (Bolman & Deal, 2018, s. 53). Ved å skulde på enkeltpersonar i staden for systemfeila bidrar dette lite til å førebygge gjentakingar (ibid). I ei gruppe må ein vite kven som skal gjere kva for å sikre harmoni (Bolman & Deal, 2018, s. 82). Dersom strukturen i organisasjonen er rett, kan dette verne mot at menneska blir forvirra, ineffektive, likegyldige eller negative (Bolman & Deal, 2018, s. 75).

Den strukturelle ramma skal vere til hjelp med å analysere materialet med sikte på å leite etter svar på følgjande forskingsspørsmål:

- Korleis er arbeidsoppgåvene til tilsette i skulen organiserte?

Fordelen med å bruke teori om den strukturelle ramma er for å rette fokuset mot organiseringa av dei tilsette sine arbeidsoppgåver. Dette skal leie til å avdekke om arbeidsfordelinga og koordineringa

i handlingsplanane er tydelege eller ikkje, og konsekvensar av dette. Det skal bidra til å gi kunnskap om korleis kommunar tilrår at grunnskular skal arbeide med fråvær. Ulempa med å nytte den strukturelle ramma er at det er utfordrande å analysere arbeidsfordelinga til dei tilsette i handlingsplanane, dersom dette ikkje kjem tydeleg fram.

### 3.2 Human Resource-ramma

HR-perspektivet ser på hva organisasjoner og enkeltmenneske gjør med og for hverandre (Bolman & Deal, 2018, s. 168). Menneske uttrykker personlege og sosiale behov, og desse kjem ofte i konflikt med organisasjonen sine formelle reglar og krav (Bolman & Deal, 2018, s. 198). For å styrke banda i organisasjonen kan ein nytte nokre av desse tilnærmingane: Gode lønsvilkår, trygge tilsetjingsforhold, interne opprykk, opplæring og ulike former for overskotsdeling, medråderett, jobbberikelse og teambygging (Bolman & Deal, 2018, s. 195). Eit vellukka resultat krev ein heilskapleg strategi (ibid). Arbeidsgivar investerer ofte ikkje den tid og dei ressursar som skal til for å utvikle ein kader av engasjerte og dyktige medarbeidar (Bolman & Deal, 2018, s. 168). Dersom tilsette har manglande kunnskapar og ferdigheiter, vil det gå ut over organisasjonen i form av dårleg kvalitet, dårleg service, høgare kostnadar og dyre feilgrep (Bolman & Deal, 2018, s. 181). I arbeidslivet er grupper uunnverlege, og dei kan vere vedunderlege eller forferdelege (Bolman & Deal, 2018, s. 210). Om grupper blir det hevda at feilnavigering kan skje, og at ein då ikkje vil kunne styre og navigere rett veg (Bolman & Deal, 2018, s. 218). I ei gruppe treng ein leiing for å utvikle ei felles oppleving og retning av forplikingar (ibid). Grupper har meir kunnskap, større perspektivbredde og meir tid og krefter til disposisjon enn dei som arbeider åleine (Bolman & Deal, 2018, s. 211).

HR-ramma skal vere til hjelp med å analysere materialet med sikte på å leite etter svar på følgande forskingsspørsmål:

- Kva er innhaldet i arbeidsoppgåvene?

HR-ramma skal avdekke om tilsette får opplæring i arbeidsoppgåver knytt til elevfråvær, og om tilsette skal utføre arbeidsoppgåvene åleine eller i grupper og kva konsekvensane av dette kan vere. Fordelen med å analysere handlingsplanar ut i frå HR-ramma er for å finne ut om arbeidsoppgåvene til tilsette er tydelege, og kva dette kan ha å seie for gjennomføringa. Men det er ei ulempe å skulle analysere arbeidsoppgåva dersom innhaldet i den er utydeleg.

### 3.3 Den politiske ramma

I organisasjonar er det både intern politikk og politiske aktørar med eigne ressursar, ærend og strategiar (Bolman & Deal, 2018, s. 282). Konflikter er normalt og uunngåeleg (Bolman & Deal, 2018, s. 241). Sett frå eit politisk perspektiv er ikkje konflikt nødvendigvis eit problem eller teikn på at noko er i vegen (Bolman & Deal, 2018, s. 240). *Konflikter er roten til personlig og sosiale endringer, til kreativitet og nytenking* (Bolman & Deal, 2018, s. 241). Dersom makta blir samla på feil plass, eller spreidd på så mange at ingenting blir gjort, kan problem oppstå (Bolman & Deal, 2018, s. 44). I organisasjonar handlar makt om evna til å få ting til å skje (Bolman & Deal, 2018, s. 228). Det er mange ulike kjelder til makt (Baldridge 1971, m.fl; Bolman & Deal, 2018, s. 236). Mellom anna blir makta flytta til dei som har informasjonen og fagkunnskapen som skal til for å løyse viktige problem (ibid).

Den politiske ramma skal vere til hjelp med analysere materiale med sikte på å leite etter svar på følgjande forskings spørsmål:

- Korleis kan makt og konflikt oppstå i arbeidet?

Fordelen med å analysere handlingsplanar i lys av den politiske ramma, er for å finne ut kven som har makt i dei ulike arbeidsoppgåvene for å få arbeid med elevfråvær til å skje, og kva som kan vere konsekvensar av dette. Ulempa er at det kan vere uklart i planen kven som har makt eller korleis ulike arbeidsoppgåver skal bli løyste, noko som kan føre til at det er uklart kven som har makt eller korleis det kan oppstå konflikt. Men ved å undersøke makt og konflikt i handlingsplanane, skal dette leie til å finne ut korleis det kan påverke arbeidet med elevfråvær.

### 3.4 Den symbolske ramma

Den symbolske ramma gir innsikt i grunnleggande spørsmål som gjeld mening og tru, og menneske får moglegheit til å ha ei felles oppgåve for auget (Bolman & Deal, 2018, s. 384). I den symbolske ramma er tanken at symbola formidlar mening i arbeidet (Bolman & Deal, 2018, s. 315). Symbol dukkar opp for å hjelpe folk med å fjerne forvirring, finne retning og forankre forhåpningar og tru (Bolman & Deal, 2018, s. 291). *Essensen i de virkelig innlysende prestasjonene ligger i lagånden* (Bolman & Deal, 2018, s. 329). I organisasjonar blir visjonar, kjerneideologi eller bevisstheit om målet til eit bilde av framtida (Bolman & Deal, 2018, s. 293). I følgje den symbolske ramma blir det mellom



anna hevda at planar er eit signal om at alt står bra til, eller at forbetringane er like rundt hjørnet (Bolman & Deal, 2018, s. 342). Om evaluering blir det hevda at dette er eit ritual som skal dempe befolkninga sin uro, og oppretthalde eit bilde av statleg rasjonalitet, effektivitet og ansvarlegheit (Floden og Weiner, 1978, s. 17; Bolman & Deal, 2018, s. 344).

Den symbolske ramma skal vere til hjelp med å analysere materialet med sikte på å leite etter svar på følgjande forskingsspørsmål:

- Korleis arbeider tilsette for at eleven vil vere på skulen?

Fordelen med å bruke den symbolske ramma er for å finne ut korleis tilsette arbeider for at eleven vil vere på skulen. Ulempa med å analysere handlingsplanar i lys av den symbolske ramma, er at det er utfordrande å vite nøyaktig kva som blir praktisert og ikkje ut i frå ein handlingsplan. Det kan vere fleire forslag til korleis tilsette skal arbeide, utan at det er ein tydeleg fasit på kva som skal bli gjort. Den symbolske ramma kan dermed bli brukt for å analysere kva arbeidsoppgåvene til tilsette kan bety for at eleven vil vere på skulen.

## 4. Metodologisk framgangsmetode

Dette kapittelet inneheld det vitskapsteoretiske bakteppet og framgangsmåten for mastergradsstudien.

### 4.1 Kvalitativ metode

Denne studien nyttar kvalitativ metode. I kvalitativ forskning søker vi ei forståing av sosiale fenomen, enten ved intervju, observasjon, ved å analysere tekstar og visuelle uttrykksformer (Thagaard, 2018, s. 15). Formålet med kvalitativ forskning er ofte å analysere meining og fortolkingar (Järvinen & Mik-Meyer, 2017). Kvalitativ tilnærming gir grunnlaget for at forskar kan fordjupe seg i, og utføre analyser av dei sosiale fenomena som blir studert (Thagaard, 2018, s. 12). I denne studien er det skriftlege handlingsplanar som er analyserte. Det er fenomenet «*tilsette i grunnskulen sitt arbeid i med elevfråvær*» i dei fem handlingsplanane som blir undersøkt.

### 4.2 Design

For å kunne studere variasjon mellom dei kommunale handlingsplanane er det brukt casesdesign for å samanlikne eigenskapar rundt fenomena. Ved å nytte casesentrert tilnærming med grunnlag i kvalitativ metode med komparativt design, bidrar det til forstå meir omkring fenomenet. Samtidig gir det høve til finne samanhengar i korleis kommunale handlingsplanar formidlar at tilsette i grunnskular arbeider med elevfråvær.

#### 4.2.1 Case studie

*I ein casestudie studerer vi eit samfunnsfenomen i sin verkelege kontekst* (Bukve, 2021, s. 125). Case i denne studien er dei fem kommunale handlingsplanane. Studiet omhandlar korleis dei tilsette i kommunen arbeider med elevfråvær. Desse er valde då ein kan studere fenomen ut frå ein kontekst (Bukve, 2021, s. 127). For å finne variasjon eller typiske trekk ved fenomenet kan fleire case gje informasjon om tilsette i grunnskular arbeider med elevfråvær. Fenomenet er *tilsette i grunnskulen sitt arbeid i med elevfråvær*. Dei kan også opne opp for finne variasjon mellom fenomena (Bukve, 2021, s. 127). Samtidig er det vesentleg å utvikle ny kunnskap. I denne studien er det valt ein strukturert og fokusert tilnærming ved å nytte Bolman og Deal (2018) sine fire fortolkningsrammer.

Dette er med utgangspunkt i studien si problemstilling og forskingsspørsmål, samt det teoretiske grunnlaget.

#### 4.2.2 Komparativt design

George & Bennet, (2005) i Bukve (2021, s. 128) beskriv det karakteristiske for komparative design. Det er at det blir analysert på to nivå. Ein analyserer kvart case for å finne trekk og samanhengar. I tillegg analyserer ein utviklingstrekk og variasjon på tvers av case (ibid). Eit komparativt design kan bidra til å studere eit avgrensa tal case, samt studere variasjonen blant handlingsplanane frå dei ulike kommunane.

#### 4.3 Konstruktivismen

På grunnlag av rammene til Boman & Deal (2018) har eg utvikla førehandstolkingar eller hypotesar om kva materialet kan fortelje. *Konstruktivismen peikar på at observasjonane våre er avhengige av den førforståinga vi har* (Bukve, 2021, s. 31). Med utgangspunkt i konstruktivismen er mine hypotesar vidare kort presenterte. Ved å bruke den strukturelle ramma (Bolman & Deal, 2018) i analysen av handlingsplanane, ligg det til grunn ei hypotese om at det står konkret kven av dei tilsette som skal gjere kva i arbeid med fråvær. Ved å bruke HR-ramma (Bolman & Deal, 2018) ligg det til grunn ei hypotese om at det står kva arbeidsoppgåvene er, og korleis dei skal bli utførte. Ved å bruke den politiske ramma (Bolman & Deal, 2018) er det ei hypotese om at det står i handlingsplanane kven som har makt til å ta avgjerder, og at dersom det ikkje er fordelt makt kan dette føre til konflikhtar mellom tilsette. Ved å bruke den symbolske ramma (Bolman & Deal, 2018) er det ei hypotese om at det står i handlingsplanane korleis og kvifor dei tilsette skal gjere arbeidsoppgåver knytte til elevfråvær.

#### 4.4 Hermeneutisk forskingslogikk

Den hermeneutiske forskingslogikken er innretta mot det særeigne ved forskning på samfunn og menneske (Bukve, 2021, s. 71). I hermeneutisk tolking er noko av det viktigaste at vi er opne for motsetningar som ikkje passar inn i førehandstolkinga vår (Bukve, 2021, s. 75). I denne studien er det også bevis på at hermeneutikk har forskingsetiske utfordringar. Den kritiske teoriens trippel hermeneutikk omhandlar den doble hermeneutikken og det tredje ledd (Fangen, 2022). Dette

inkluderer mitt utgangspunkt som forskar som kritisk tolkar av strukturar og prosessar for å få svar på problemstilling og forskings spørsmål. Fortolkning av tredje ledd omfattar dei ulike underliggjande og skjulte interessene og drivkreftene (ibid) for å illustrere dette i mi masterstudie. Det første er mi forståing og fortolkning av det «verkelege» i det dei kommunale handlingsplanane viser. Det neste er at desse handlingsplanane er fortolka av dei som har utvikla dei. Den tredje graden er at eg som forskar og kritisk tolkar inkluderer prosessane (bevisste og ubevisste), ideologiar og oppfatningar undervegs i forskingsarbeidet. Dette handlar også om å inkludere mitt maktaspekt ved handtering av materialet og forskingsprosessen (Fangen, 2022). Ved å bruke Bolman & Deal (2018) sitt teoretiske rammeverk, er det fire fortolkingsrammer som er brukte for å analysere innhaldet. Dette skal leie til at mine førehandstolkningar ikkje åleine skal danne grunnlaget for tolkinga av innhaldet i handlingsplanane, for Bolman & Deal (2018) skal bidra til å belyse fire perspektiv i innhaldet. Ved å ta utgangspunkt i hermeneutikken, bidreg dette til at eg er open for motsetningar som ikkje passar inn i mine førehandstolkningar eller hypotesar.

#### 4.5 Utvalet - datamateriale frå fem kommunale handlingsplanar i Norge

Med bakgrunn i at Fastlands-Noreg er inndelt i fem landsdelar, Nord-Noreg, Trøndelag, Vestlandet, Austlandet og Sørlandet (Thuelsen et al., 2023), har eg samla inn ein kommunal handlingsplan frå kvar landsdel. Framgangsmåten har vore strategisk utveljing. Strategisk utveljing er basert på at vi systematisk vel personar eller einingar som har eigenskapar eller kvalifikasjonar som er strategiske i forhold til problemstillinga (Thagaard, 2018, s. 54). *Små kommunar har færre enn 5000 innbyggere, mellomstore har 5000-19999 innbyggere, mens store har 20000 eller flere innbyggere* (Langørgen 2006; Utdanningsdirektoratet, 2011, s. 3). Strategisk val av handlingsplanar er gjort for å undersøke om det er likskapar eller ulikskapar i dei ulike landsdelane, der det ikkje er inkludert små kommunar. Grunnen til at det ikkje er inkludert små kommunar, er fordi at i mellomstore eller store kommunar blir handlingsplanane praktiserte ved fleire skular, og dermed er det fleire tilsette som arbeider med dei.

Krav til val av handlingsplanar har vore følgjande:

- Ein frå kvar av landsdelane Nord-Noreg, Trøndelag, Vestlandet, Austlandet og Sørlandet.
- Offentlege kommunale handlingsplanar om elevfråvær.
- Mellomstore eller store kommunar.

Med bakgrunn i desse kriteria har følgjande handlingsplanar blitt valde ut som datamateriale:

- Austlandet: Nittedal kommune (Nittedal kommune, 2023).
- Sørlandet: Kristiansand kommune (Kristiansand kommune, 2016).
- Vestlandet: Volda kommune (Volda kommune, 2023).
- Trøndelag: Orkland kommune (Orkland kommune, 2020).
- Nord- Noreg: Senja kommune (Senja kommune, 2020).

Tabell 3: Oversyn over kommunale handlingsplanar

	Nittedal	Kristiansand	Volda	Orkland	Senja
<b>Tittel</b>	«Hver dag teller! Veileder for forebygging og oppfølging av alvorleg skulefravær»	«Elever som uteblir frå skolen – en veileder for skolen»	«Når fravær uroar oss – ein intern rettleiar for skulane i Volda kommune»	«Bekymringsfullt fravær i grunnskolen»	«Bekymringsfullt skulefravær – handbok for forebygging og oppfølging»
<b>Sidetal</b>	50	21	10	7 (i word)	42
<b>Innført</b>	2011	2016/2017	2023 (oppdatert)	2020 (oppdatert)	2020
<b>Innhald</b>	Innleiing, teori om alvorleg skulefravær, førebygging, kva som skal bli gjort når eleven har alvorleg skulefravær og verktøykassa	Innleiing, prosedyrar, skjema og vedlegg ein kan nytte i arbeidet.	Bakgrunn, definisjonar av fravær retningslinjer ved fravær og vedlegg.	Målgruppa for planen, definisjonar for fravær, rutinar, tidlege teikn til bekymring, kartlegging og samhandling og tiltak.	Førebygging av skulefravær, definisjon av fravær, informasjon om langvarig fravær, rutinar ved oppfølging av fravær, ressursbank og bekymringsfullt skulefravær.
<b>Kommune-storleik</b>	Stor	Stor	Mellomstor	Mellomstor	Mellomstor

Handlingsplanane til kommunane er ikkje anonymiserte i masterstudien, fordi datamaterialet er tilgjengeleg på internett. Dei utvalde handlingsplanane er presenterte i Tabell 3 over for å få fram ei

kort og systematisk oversikt. Her er det oppført når kommunen innførte eller har oppdatert sine handlingsplanar, med tittel, sidetal og kort om innhaldet. Det står ikkje i alle (i Volda og Orkland) sine handlingsplanar når desse har blitt innførte, og derfor har det i staden blitt skrive i parentes når planane vart oppdaterte. Verdien av å undersøke mellomstore og store kommunar sine handlingsplanar, er for å finne ut om det er likskapar eller ulikskapar i korleis tilsette arbeider med elevfråvær.

#### 4.6 Temaanalyse og analyseprosess

Når merksemda blir retta mot tema i prosjektet, utfører vi temaanalyse (Thagaard, 2018, s. 171). I temaanalyse er framgangsmåten å samanlikne «på tvers» av data for å gå i djupna på temaa (ibid). Innanfor kvart tema må ein kode og klassifisere data for å kunne utføre samanlikningar. Ein knyter data til den samanhengen dei er ein del av, for ein få fram eit heilskapleg perspektiv slik at utsnitta ikkje blir lausrivne (ibid). Temaanalyse kan slik avdekke kva tema som går igjen i handlingsplanane, noko som hindrar at temaanalyse tar planane ut av kontekst.

I gjennomføringa av temaanalysen er det tatt utgangspunkt i Miles & Hubermans (1994) si generelle framstilling av ein interaktiv analyseprosess for kvalitative data (Ringdal, 2020, s. 252). Miles & Hubermans (1994) sin dataanalyse består av tre element: Datareduksjon, datapresentasjon og å konkludere/verifisere (ibid). I første del *datareduksjon* kan det vere alt frå å lage oppsummeringar, plukke ut svar på eit ope spørsmål eller relevante delar av feltnotat, til koding og kategorisering av datamateriale (ibid). Etter å ha utført første del av analysen av handlingsplanane laga eg oppsummeringar og kategoriseringar av datamaterialet. Med bakgrunn i denne delen av analysen blei det avdekket at det er tre tema i handlingsplanane, og desse er:

- Førebygging av elevfråvær
- Definisjonar av elevfråvær
- Oppfølging av elevfråvær

Desse tre temaa blir det i ulik grad arbeidd med av tilsette i grunnskulen, og det står ikkje ordrett i alle handlingsplanane at dei arbeider med førebygging. Til dømes er det vedlegg som tilsette kan bruke førebyggande, medan i nokre handlingsplanar er det eigne kapittel som handlar om førebygging. For å forsøke å skape eit heilskapleg innhald av temaanalysen, er det til kvart tema valt ut sitat og relevante moment som synleggjer val av kvifor det er desse tre temaa som er presenterte.

I andre del av analysen blei det arbeidd med *datapresentasjon* (Ringdal, 2020, s. 252). Under datapresentasjon gjeld det å vise måtehald ved å trekke fram det som bidrar til ei samla framstilling, og lange tekstutdrag fungerer dårleg (Ringdal, 2020, s. 252). For å få fram kva tema og kategoriar som er undersøkte i handlingsplanane, er det valt ut både likskapar og ulikskapar frå dei ut i frå dei tre temaa. Tredje del av analysen, *konklusjonsfasen*, kan ein vere innom fleire gongar, og foreløpige konklusjonar kan leie til innsamling av meir data, enten for å stadfeste det ein har funne, eller for å undersøke eit nytt forskingsspørsmål (Ringdal, 2020, s. 253). Den tredje delen av analysen har ført til at både problemstilling og forskingsspørsmål har endra seg fleire gongar undervegs i analyseprosessen, og at handlingsplanane har blitt gått gjennom mange gonger.

#### 4.7 Validitet og reliabilitet i studien

Validitet handlar om ein måler det ein faktisk vil måle (Ringdal, 2020, s. 248). Formålet i denne studien er å få auka kunnskap om korleis tilsette arbeider med elevfråvær. I denne studien er det tatt utgangspunkt i fem offentlege handlingsplanar, for å finne ut korleis handlingsplanane tilrår at tilsette i grunnskular arbeider med elevfråvær. Kvalitativ analyse av fem kommunale handlingsplanane kan gje ein djupneinnsyn i korleis tilsette i grunnskulen i dei dei utvalde kommunane arbeider med elevfråvær. Ein analyse av fem handlingsplanar kan bidra til å auke kunnskapen om korleis nokre av dei tilsette i grunnskular arbeider med elevfråvær.

*Reliabilitet handlar om kor vidt ei undersøking er påliteleg* (Bukve, 2021, s. 104). Ein av grunnane til at handlingsplanane som er analysert ikkje er anonymiserte, er for at det skal vere mogleg for andre å også undersøke dei same planane. *I følge etiske retningslinjer skal vi ta hensyn til prinsippet om anonymitet* (Thagaard, 2018, s. 180). I tillegg er det i kapittel 3 utdrag frå kva teori (Bolman & Deal, 2018) som er blitt brukt, og korleis den skal bli brukt i analyseprosessen for å også skape reliabilitet dersom andre skal gjennomføre ein tilsvarande studie. Ved å ha gjort ei temaanalyse er det vist til fleire utdrag for å synleggjere korleis eg har kome fram til temaa, og for å vise kva teorien (ibid) analyserer. Det har vore utfordrande å finne tilsvarande studiar som har undersøkt den same problemstillinga som i denne studien, men ved å vise til utdrag frå handlingsplanane er det forsøkt å skape eit heilskapleg bilde av korleis analyseprosessen har gått føre seg.

#### 4.8 Ein etisk refleksjon over val av metode

Metoden som er nytta i tilnærminga er at dei skriftlege handlingsplanane kan gi eit anna svar på fenomenet, enn om metoden til dømes hadde vore intervju eller observasjon av tilsette i grunnskular sitt arbeid med elevfråvær. Når ein tolkar det som blir uttrykt gjennom analyse av skriftlege dokument, vil dette gje ein annan nærleik til materialet enn om kommunikasjonen hadde vore i dialog med tilsette.



## 5. Analyse og resultat

Problemstillinga og forskingsspørsmåla er utforma for å undersøke korleis fem kommunar i Noreg arbeider med elevfråvær. Spørsmåla byggjer på bestemte teoretiske føresetnadar som er utvikla av Bolman & Deal (2018), og dei fire fortolkingsrammene; den strukturelle, human resource, den politiske og den symbolske (Bolman & Deal, 2018, s. 42).

I arbeidet med temaanalysen har eg kome fram til at det er tre tema som går igjen i dei fem handlingsplanane, og desse er følgjande:

- Førebygging av elevfråvær
- Definisjonar av elevfråvær
- Oppfølging elevfråvær

Vidare er kvart tema presentert i denne rekkefølga i kvart sitt underkapittel og analysert ut frå dei fire rammene til Bolman & Deal (2018). Kronologien i denne analysen er lagt opp slik at dersom «Førebygging av elevfråvær» ikkje har fungert, er det neste som skjer i grunnskulen sitt arbeid med elevfråvær at tilsette skal undersøke om «Definisjon av elevfråvær» er til stades, og vidare skal tilsette starte arbeidet med «Oppfølging av elevfråvær». Fordelen med å presentere temaa og rammeverket (Bolman & Deal, 2018) på denne måten er for å få tydelege skilje mellom temaa og for å få analysert innhaldet til kvart tema i lys av dei fire rammene (Bolman & Deal, 2018). Dermed får eg svara på problemstillinga på dei tre temaa frå fire ulike perspektiv. Ulempa med å gjere det på denne måten er at Bolman & Deal (2018) sitt rammeverk blir presentert tre gongar. Men for å få eit heilskapleg perspektiv på innhaldet i handlingsplanane, er det likevel valt å presentere analysen med denne strukturen.

### 5.1 Førebygging av elevfråvær

I denne delen er det presentert fire perspektiv (Bolman & Deal, 2018) på korleis tilsette arbeider med førebygging av elevfråvær, ved å sjå nærare på korleis tilsette arbeider med innhaldet i handlingsplanane, både internt og ut mot foreldre og elevar, fråværsrutinar, årsaker til fråvær, om fråvær er tema i møte og korleis tilsette arbeider for å førebygge fråvær.

### 5.1.1 Den strukturelle ramma

I denne delen av analyseprosessen er skulen sitt arbeid med å førebygge elevfråvær analysert i lys av nokre av dei teoretiske omgrepa som den strukturelle ramma gjev, med utgangspunkt i kategoriane som er presenterte ovanfor.

Først er det presentert korleis eller om tilsette i kommunane får opplæring i handlingsplanane. I Nittedal kommune sin handlingsplan står det at alle lærarar skal ha årleg opplæring i føring og oppfølging av fråvær (Nittedal kommune, 2023, s. 16). I Volda kommune sin handlingsplan skal rektor sørge for at skulen sine retningslinjer for fråvær er gjort kjent mellom dei tilsette på skulen (Volda kommune, 2023, s. 4). Sett i lys av strukturell utforming seier differensiering korleis arbeidet skal fordelast, medan integrering seier korleis dei enkelte sin innsats skal bli koordinert etter at ansvaret er fordelt (Bolman & Deal, 2018, s. 82). Ved å ta utgangspunkt i desse teoretiske omgrepa, ser vi at i både Nittedal (2023) og Volda (2023) står det korleis arbeidet skal bli fordelt, men det er berre i Volda (2023) at arbeidsoppgåva er fordelt til rektor. Med bakgrunn i den strukturelle ramma kan vi derfor forstå det slik at til tross for at det står i begge handlingsplanane at tilsette skal bli gjort kjent med rutinar ved handtering av fråvær, kan den manglande delegeringa av arbeidsoppgåva i Nittedal kommune (2023) føre til at opplæringa til dei tilsette ikkje skjer fordi ansvaret i arbeidsoppgåva ikkje er fordelt.

I kontrast til Nittedal (2023) og Volda (2023) kommune sine planar står det ikkje noko om at dei tilsette skal få opplæring i planane i Kristiansand (2016), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune. Dermed kan det sjå ut som at desse tre kommunane berre har skriftlege handlingsplanar. Sett i lys av den strukturelle ramma er opplæring ei av tilnærmingane for at resultat skal bli vellukka (Bolman & Deal, 2018, s. 195). I dei tre kommunane Kristiansand (2016), Orkland (2020) og Senja (2020) er det dei tilsette sjølv som skal gjere seg kjent med innhaldet og sine arbeidsoppgåver, utan å få opplæring i handlingsplanen. Ein observasjon her er om tilsette ser på handlingsplanane som ei form for opplæring eller ikkje. Med bakgrunn i den strukturelle ramma vil opplæring i handlingsplanane for tilsette auka sjansane for vellukka resultat (Bolman & Deal, 2018, s. 195), men opplæring av handlingsplanane står det berre om i Nittedal (2023) og Volda (2023) sine handlingsplanar. Grunnen til at det er interessant å belyse korleis tilsette får informasjon om handlingsplanen, er fordi det er ein føresetnad at tilsette veit kva som er deira arbeidsoppgåver i arbeidet med elevfråvær for at dei skal kunne utføre dei.

I tillegg til at tilsette må kjenne til handlingsplanane for å kunne utføre sine arbeidsoppgåver, kan og bør handlingsplanane også vere kjent for føresette. Alle planane har rutinar for at eleven sitt fråvær skal vere dokumentert i forkant av fråværet. I Nittedal kommune skal skulen sine rutinar vere gjort kjent for føresette (Nittedal kommune, 2023, s. 16). Ved starten av skuleåret skal føresette bli informert om rutinar for fråvær i Kristiansand kommune (2016, s. 4). I Volda kommune skal rektor sørge for at føresette kjenner til retningslinjer ved fråvær (Volda kommune, 2023, s. 4). I Senja (2020, s. 12) skal informasjonsfolder for fråvær skal bli delt ut på foreldremøte og rutinar for fråvær bli gått gjennom, og såleis er det nærliggande å tru at det er kontaktlærer som skal gjere dette. Det som er likt i Nittedal (2023), Kristiansand (2016), Volda (2023) og Senja (2020) kommune er at føresette skal få informasjon om fråværsrutinar, men det er berre i Volda (2023) det står kven som skal utføre arbeidsoppgåva, og i Senja (2020) formidlast det som om at dette er kontaktlærer sin jobb på foreldremøtet. Sett i lys av den strukturelle ramma kan dette føre til at det er størst sjanse for at føresette i Volda (2023) og Senja (2020) kommune får informasjon om fråværsrutinar, sidan differensieringa og integreringa (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 82) her er tydeleg. Sidan det ikkje kjem fram kven som skal gi føresette denne informasjonen i Nittedal (2023) og Kristiansand (2016) kommune, kan dette føre til at tilsette blir forvirra, ineffektive, likegyldige eller negative grunna utydeleg struktur (Bolman & Deal, 2018, s. 75). I handlingsplanen til Orkland kommune (2020) står det ikkje noko om at føresette skal få informasjon om fråværsrutinar, noko som kan føre med seg at det er utfordrande for føresette å vite kva som er deira ansvar når det kjem til eleven sitt fråvær. Grunnen til at det er interessant å belyse om føresette får informasjon om handlingsplanane, er at tilsette sine arbeidsoppgåver blir påverka av om fråværet til eleven er meldt inn eller ikkje. Dermed må føresette få informasjon om fråværsrutinar i starten av skuleåret for å kunne følgje desse.

Vidare er det presentert kva informasjon føresette skal gi til skulen om fråværet. I Nittedal kommune blir føresette oppmoda om å vere ærlege om årsaka til fråværet (Nittedal kommune, 2023, s. 18). Dersom skulen ikkje får melding om eleven sitt fråvær i Kristiansand kommune, skal heimen bli kontakta av skulen for å etterspørje eleven og årsaka til fråværet (Kristiansand kommune, 2016, s. 4). I Volda kommune skal føresette melde planlagt fråvær til skulen (Volda kommune, 2023, s. 4). Føresette i Orkland kommune skal varsle skulen same dag som eleven har fråvær (Orkland kommune, 2020). I Senja skal føresette gi skulen beskjed om morgonen om fråværet, samt årsaka til fråværet (Senja kommune, 2020, s. 12). I alle dei fem handlingsplanane er strukturen tydeleg (Bolman & Deal, 2018, s. 82) ved at føresette skal melde inn når eleven har fråvær. Men ein observasjon å merke seg her er at også føresette i Orkland (2020) skal melde inn fråvær, men at det ikkje har kome tydeleg

fram om dei har fått informasjon om at dei skal gjere det. Vi ser også at det berre er i Nittedal (2023), Kristiansand (2016) og Senja (2020) at føresette enten skal eller blir oppmoda om å gje årsaka til fråværet. Ein konsekvens av at skulen får informasjon om fråværet, samt årsaka, kan vere med på å gje skulen ei oversikt over kvifor eleven er vekke, og dermed informasjon om eleven held på å utvikle alvorleg fråværet eller ikkje. Ein annan observasjon her handlar om å bruke ordet «skule», slik som det er gjort i handlingsplanen til Kristiansand kommune (2016, s. 4). Ved å bruke eit slikt generelt ord, kan det føre til at dei tilsette blir forvirra eller ineffektive (Bolman & Deal, 2018, s. 75).

Arbeidsoppgåva ikkje er delegert til ein bestemt tilsett, noko som vidare kan føre til at den ikkje blir utført. Men dersom skulane har utarbeidd eigne rutinar for kven som skal gjere kva, slik som det står i handlingsplanen at dei skal gjere (Kristiansand kommune, 2016, s. 4), så kan ein tydeleg struktur verne mot at menneska i organisasjonen blir ineffektive eller forvirra (Bolman & Deal, 2018, s. 75).

Det er berre i handlingsplanen til Volda kommune det står at elevar får informasjon om rutinar ved elevfråværet av rektor (Volda kommune, 2023, s. 4). Dette står det ikkje noko om i dei fire andre handlingsplanane. Sett i frå den strukturelle ramma er det tydeleg at elevane i Volda kommune skal få denne informasjonen av rektor, og såleis er dette arbeidet fordelt og koordinert ved skulen (Bolman & Deal, 2018, s. 83). Men det er også interessant å merke seg at dette er den einaste kommunen elevane skal få denne informasjonen. Det kan føre med seg at elevane her veit kva som er rutinar ved skulen ved fråværet, medan det er informasjon om fråværsrutinar som elevar i andre kommunar ikkje blir gjort kjent med.

I handlingsplanen til Nittedal kommune står det at denne var til høyring i kommunen og blei vedtatt i 2011, og at handlingsplanen blir evaluert kontinuerleg gjennom aktivt bruk (Nittedal kommune, 2023, s. 5). Det står ikkje noko om at dei andre handlingsplanane blir evaluerte. Den strukturelle ramma hevdar at arbeidet må vere fordelt og koordinert, for at arbeidet skal bli gjennomført og for å sikre harmoni (Bolman & Deal, 2018, s. 82). Sidan det ikkje står konkret i handlingsplanen til Nittedal kommune (2023) kven eller korleis ein skal gjennomføre evalueringa, så hevdar den strukturelle ramma at manglande struktur kan føre til at menneska blir forvirra, ineffektive, likegyldige eller negative (Bolman & Deal, 2018, s. 75). Dermed kan den manglande tydelege strukturen føre til at tilsette blir forvirra ineffektive, likegyldige eller negative til evaluering av handlingsplanen i Nittedal kommune. Grunnen til at dette er interessant, er fordi gjennom å evaluere planen kan tilsette vere med på å påverke innhaldet i arbeidsoppgåvene sine.

Ein annan måte tilsette arbeider førebyggjande på er ved å føre fråvær når elevar er vekke, samt å varsle heim dersom eleven er vekke når fråvær ikkje er meldt. I Nittedal kommune er det kontaktlærer, eller eventuelt faglærer, som oppdaterer eleven sitt fråvær kvar dag, og har direkte kontakt med føresette dersom eleven har fråvær (Nittedal kommune, 2023, s. 16). I Orkland kommune er kontaktlærer ansvarleg for å føre fråvær, og for å etterspørje heimen dersom det ikkje er levert melding om fråværet etter tre dagar (Orkland kommune, 2020). Fråværet i Senja kommune blir ført kvar dag i kvar skuletime, og kontaktlærer skal kontakte heimen same dag ved fråvær som ikkje er meldt (Senja kommune, 2020, s. 12). I Kristiansand er det eigne rutinar som skal bli utarbeidde ved skulane (Kristiansand kommune, 2016, s. 4). I Volda står det ikkje noko om varsling heim ved fråvær, men det står at fråværet helst skal bli ført same dag, og seinast dag tre (Volda kommune, 2023, s. 4). Dette viser at i handlingsplanane til Nittedal (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune er arbeidsoppgåva med å føre fråvær, samt å varsle føresette, både fordelt og koordinert, og vil såleis i lys av den strukturelle ramma føre til at tilsette veit kva som er deira arbeidsoppgåve (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 83). Ein observasjon å merke seg her er at i Volda (2023) og Orkland (2020) skal fråværet bli ført innan tre dagar, noko som kan føre til at føresette ikkje får vite om fråværet før det har gått 3 dagar. Men når det kjem til strukturen for korleis arbeidsoppgåva skal bli gjennomført (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 83) er denne også til stades her. Det er berre i Kristiansand (2016) at det skal bli utarbeidd rutinar ved skulane, noko som kan føre til at skulane i kommunen har ulik praksis for fråværsføring og varsling. I dei kommunale handlingsplanane for elevfråvær blir det dermed tilråda i alle kommunane at fråvær skal bli ført, men det er ulike praksisar knytt til fråværsføringa.

I forbindelse med at det er blitt analysert kven som skal føre elevfråværet, skal det også bli presentert kven og korleis tilsette skal ha oversikt over fråværet. I Nittedal sin plan står det at kontaktlærer til ei kvar tid skal ha oversikt over fråværet til eleven (Nittedal kommune, 2023, s. 21). I Volda skal fråvær vere sak på team kvar 4. veke (Volda kommune, 2023, s. 4), medan i Orkland står det at elevfråvær skal bli tatt opp som eiga sak på alle trinn/team møte (Orkland kommune, 2020). I Senja skal kontaktlærer ha oversikt over fråværet kvar veke (Senja kommune, 2020, s. 12). I Kristiansand skal det bli utarbeidd eigne rutinar ved skulane (Kristiansand kommune, 2016, s. 4). Ein ser dermed at i Nittedal (2023), Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) sine handlingsplanar er det ein struktur for at kontaktlærer skal avdekke alvorleg elevfråvær gjennom å følgje med på fråværet (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 82), men det varierer om totaloversikta over fråvær blir avdekket «til ei kvar tid» eller i «løpet av veka».

Ovanfor har vi sett at det er ulik arbeidsfordeling knytt til kven som skal ha oversikt over fråværet, og om fråvær skal vere sak på team eller ikkje. Det er avdekka at dette i stor grad er kontaktlærer sitt ansvar. Derfor skal det her også bli presentert korleis leiinga skal arbeide med fråværsoversikta, som då kjem i tillegg til kontaktlærer sine arbeidsoppgåver. Det er kontaktlærer som skal informere leiinga om alvorleg fråvær i Volda kommune (2023, s. 4). I Orkland kommune (2020) skal leiinga få fråværsoversikt ein gong i månaden. Leiinga i Senja kommune skal ha fråværsoversikt to gongar i halvåret, men kontaktlærer skal informere om eleven har alvorleg fråvær (Senja kommune, 2020, s. 12). I Nittedal kommune står det at leiinga skal gå gjennom fråværet kvart halvår (Nittedal kommune, 2023, s. 16). I Kristiansand (Kristiansand kommune, 2016, s. 4) skal det også her bli utarbeidd egne rutinar ved skulane. Dette viser at i Volda (2023), Nittedal (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune er det ein struktur for at leiinga skal følgje med på fråværet, og når dei skal gjere det. Det fører med seg at, sett i lys av den strukturelle ramma, tilsette ikkje blir forvirra over denne arbeidsoppgåva (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75).

Ovanfor er det blitt analysert fleire døme på konkrete arbeidsoppgåver tilsette i grunnskulen arbeider med i ein førebyggjande fase. Her skal det no bli analysert døme på heim-skule-samarbeid som tilsette kan velje å utføre. Om heim-skule samarbeid står det i Nittedal kommune at dette er førebyggjande mot alvorleg skulefråvær, og at samarbeidet må ha eleven i fokus (Nittedal kommune, 2023, s. 17). I Senja kommune sin handlingsplan står det at eleven si utvikling og læring er målet for samarbeid mellom heim og skule (Senja kommune, 2020, s. 3). I Orkland kommune sin handlingsplan står det at samhandling må skje i eit tett samarbeid med eleven og heimen (Orkland kommune, 2020). I Volda (Volda kommune, 2023) og Kristiansand (Kristiansand kommune, 2016) kommune sine handlingsplanar står det ikkje noko om heim-skule-samarbeid som førebyggjande tiltak mot elevfråvær. I Nittedal (2023), Senja (2020) og Orkland (2020) sine planar står det ikkje kor ofte eller når heim-skule-samarbeidet skal bli gjort. I lys av den strukturelle ramma ser ein også her at dette arbeidet ikkje er fordelt til nokon tilsette (Bolman & Deal, 2018, s. 82). Dette kan dermed føre til at tilsette til dømes vert forvirra eller ineffektive i arbeidet med heim-skule-samarbeid (Bolman & Deal, 2018, s. 75). Men det kan også vere at dette er noko alle skal arbeide med, uavhengig av handlingsplanane og i andre arbeidsoppgåver enn førebygging av elevfråvær.

Ei oppsummering av korleis tilsette skal arbeide førebyggjande med elevfråvær i lys av den strukturelle ramma viser at:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Ha handlingsplanane skriftlege.
- Døme på konkrete og generelle arbeidsmåtar.
- Rutinar for at tilsette skal føre fråvær.
- Rutinar for at føresette skal melde inn fråvær.

Dette er ulik tilråding i handlingsplanane:

- I Volda (2023) skal rektor informere elevane årleg om rutinar ved fråvær.
- I Nittedal (2022) og Volda (2023) skal tilsette ha årleg opplæring i handlingsplanen.
- I Nittedal (2022) og Kristiansand (2016) skal føresette få informasjon om rutinar ved elevfråvær.
- I Volda (2023) skal rektor informere føresette om rutinar ved elevfråvær.
- I Senja (2023) skal det bli delt ut informasjonsfolder om fråvær på foreldremøte.
- I Nittedal (2022), Kristiansand (2016) og Senja (2020) skal eller blir føresette oppmoda om å vere ærlege om årsaka til fråværet.
- I Volda (2023) får elevar informasjon om fråværsrutinar av rektor.
- I Nittedal (2022) skal tilsette evaluere handlingsplanen.
- I Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) skal fråvær vere fast sak på møte.
- Kontaktlærarar i Nittedal (2020) og Volda (2023) skal ha oversikt over fråværet til ei kvar tid.
- I Senja (2020) skal kontaktlærar ha oversikt over fråværet kvar veke.
- I Kristiansand (2016) skal det bli utarbeidd egne rutinar ved skulane.
- I Volda (2023), Nittedal (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) skal leiinga følgje med frå fråværet.
- I Nittedal (2022), Senja (2020) og Orkland (2023) er heim-skule-samarbeid anbefalt som førebyggjande mot elevfråvær.

Her ser ein dermed at det er både like og ulike tilrådingar til korleis tilsette skal arbeide med elevfråvær. I lys av den strukturelle ramma ser vi at dersom arbeidsoppgåvene er tydelege og delegerte til bestemte tilsette, er det større sjanse for at dei blir gjennomførte, fordi utydelege arbeidsoppgåver kan føre til at tilsette til dømes bli forvirra eller ineffektive (Bolman & Deal, 2018, s. 75).

### 5.1.2 HR-ramma

I denne delen av analyseprosessen er skulen sitt arbeid med å førebygge elevfråvær analysert i lys av nokre av dei teoretiske omgrepa som HR-ramma gjev. Ved å ta utgangspunkt i HR-ramma er vi på jakt etter spor av korleis leiinga skal hjelpe ei gruppe med å utvikle felles oppleving av retning og forpliktingar (Bolman & Deal, 2018, s. 218).

Opplæring er ei av tilnærmingane som kan bli brukt i ein organisasjon for å styrke banda mellom leiing og andre tilsette i utføring av oppgåvene (Bolman & Deal, 2018, s. 195). Alle dei fem kommunane har handlingsplanar for fråvær, og sidan kommunane har utarbeidd handlingsplanane kan og bør desse vere med på å gi dei tilsette i kommunane ei felles retning og forpliktingar i arbeidet med elevfråvær. For å sjå nærare på korleis tilsette kan bruke handlingsplanen, skal det vidare først blir presentert døme på generelle råd som står i planane. Med generelle råd er det meint råd som tilsette kan bruke, men som det ikkje står konkret at dei må bruke. I Nittedal (2023) sin plan står det at augekontakt, humor eller ros er tiltak for å betre relasjon mellom lærar og elev (Nittedal kommune, 2023, s. 20). I Orkland sin plan står det om faktorar ved elev og omgjevnadane som kan bidra til eller beskytte mot utvikling av bekymringsfullt skulefråvær (Orkland kommune, 2020). I Senja sin plan står det at gode rutinar og struktur dannar ramme, slik at gode relasjonar kan utvikle seg (Senja kommune, 2020, s. 3). I Volda sin plan står det at ein bør arbeide kontinuerleg med det psykososiale miljøet i klassen (Volda kommune, 2023, s. 10). I Kristiansand sin plan er det vist til skjema som omhandlar oppretthaldande faktorar som kan føre til at eleven er vekke frå skulen (Kristiansand kommune, 2016, s. 5). I tillegg til at det er ulike råd til tilsette i handlingsplanane, såg vi også ovanfor under den strukturelle ramma at fleire av handlingsplanane også har heim-skule-samarbeid som førebyggjande arbeidsmetode. HR-ramma hevdar at dersom tilsette manglar kunnskap og ferdigheiter, vil det gå ut over organisasjonen i form av dårleg kvalitet, dårleg service, høgare kostnader og dyre feilgrep (Bolman & Deal, 2018, s. 181). Ved at det er generelle døme på korleis tilsette kan arbeide førebyggjande med elevfråvær i alle dei fem planane, kan ein sjå på dette som ei form for opplæring fordi tilsette gjennom dei generelle råda får kunnskap om korleis dei kan arbeide førebyggjande med elevfråvær. På ei annan side kan vere eit spørsmål å stille seg om tilsette kjenner seg forplikta til å gjennomføre desse generelle råda som er anbefalt i handlingsplanen.

I kontrast til generelle råd for korleis tilsette kan arbeide, er det også konkrete arbeidsoppgåver i handlingsplanane der det mellom anna står i alle fem planane at fråværsføring er førebyggjande. Ein grunn til at fråværsføring kan vere førebyggjande, kan vere fordi på dette stadiet har ikkje eleven



utvikla alvorleg frávær. Fráværstøringa er med på å gi tilsette kunnskap om fráværet til eleven, og er noko tilsette skal gjere. Dei generelle råda blir framstilt som noko tilsette kan gjere, og kan såleis også vere med på å gi tilsette kunnskap om eleven, men dersom tilsette vel å ikkje utføre dei generelle råda kan manglande kunnskap gå ut over korleis tilsette utfører sine arbeidsoppgåver. HR-ramma hevdar også at grupper har meir kunnskap, større perspektivbredde og meir tid og krefter til disposisjon enn dei som arbeidar åleine (Bolman & Deal, 2018, s. 211). Det er derfor vidare presentert korleis tilsette arbeider med fráværstøringa. I Nittedal kommune står det at det er kontaktlærar eller timelærar som skal oppdatere og ha oversikt over fráværet (Nittedal kommune, 2023, s. 16). Rutinar knytt til frávær skal bli utarbeidde ved skulane i Kristiansand kommune (Kristiansand kommune, 2016, s. 4). I Volda skal alle lærarar registrere frávær kvar dag, og kontaktlærar skal ha kontinuerleg oversikt over fráværet (Volda kommune, 2023, s. 4). Frávær skal bli ført i kvar time, og kvar veke skal kontaktlærar ha oversikt over fráværet (Senja kommune, 2020, s. 12). Vi ser dermed at det er ulikt om kontaktlærar sit åleine med ansvaret for å føre fráværet, eller om også andre lærarar er involverte i dette arbeidet. Det verkar som at tilsette som arbeider med å føre frávær bruker denne informasjonen for å få ei oversikt over om eleven har oppfylt «definisjon av alvorleg elevfrávær», som skal bli analysert i neste delkapitel. I Senja skal frávær vere sak på team med leiinga to gongar per semester (Senja kommune, 2020, s. 12). Kvar fjerde veke skal kontaktlærar i Volda kommune ha gjennomgang med interne samarbeidspartnarar om fráværet (Volda kommune, 2023, s. 4). Elevfrávær skal bli tatt opp som eiga sak på alle teammøte i Orkland kommune (Orkland kommune, 2020). Det står ikkje noko om at frávær skal vere fast sak i møte verken i Kristiansand eller Nittedal kommune. Vi ser dermed at frávær skal vere fast på møte, men med variasjonar i hyppigheit, og dette viser at i Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) sine planar har kontaktlærar grupper å arbeide saman med i den førebyggjande fasen av elevfrávær. Sidan HR-ramma hevdar at grupper har meir kunnskap, større perspektivbredde og meir tid og krefter til disposisjon enn dei som arbeider åleine (Bolman & Deal, 2018, s. 211), kan vi konkludere med at planane viser ein skilnad mellom kommunane når det gjeld om kontaktlærar har ei gruppe å arbeide saman med. Dette viser at planane er ulike når det gjeld arbeidsgjevar si investering i medarbeidarane for å arbeide med fráværet.

Eit anna teoretisk omgrep HR-ramma gjev er medråderett, ei tilnærming som kan bli nytta for å få eit vellukka resultat i organisasjonen (Bolman & Deal, 2018, s. 195). I Nittedal sin plan står det at dei tilsette skal evaluere handlingsplanen kontinuerleg gjennom aktivt bruk (Nittedal kommune, 2023, s. 5). Det står det ikkje noko om i dei andre handlingsplanane. Ved at tilsette i Nittedal har moglegheita for å gi tilbakemelding på handlingsplanen, kan dei dermed vere med på å påverke sin

arbeidskvardag i form av evaluering, noko som igjen kan føre til at handlingsplanen blir redigert og at deira arbeidsoppgåver endrar seg. I lys av HR-ramma (Bolman & Deal, 2018, s. 195) kan tilbakemelding frå dei tilsette vere ei tilnærming for at handlingsplanane skal gi eit vellukka resultat.

Rutinar i kommunane knytte til føresette sitt ansvar for å melde inn frávær og eventuelt årsak, kan vere relevant informasjon for tilsette i ein førebyggjande fase. I HR-ramma blir det hevda at dersom tilsette manglar kunnskap og ferdigheiter, vil det gå ut over organisasjonen i form av dårleg kvalitet, dårleg service, høgare kostnader og dyre feilgrep (Bolman & Deal, 2018, s. 181). Ovanfor i den strukturelle ramma såg vi at føresette i alle kommunane skal melde inn frávær, men det er berre i Nittedal (2023), Kristiansand (2016) og Senja (2023) sine planar at føresette også skal eller blir oppmoda om å gje årsaka til fráværet. Dette kan i lys av HR-ramma (Bolman & Deal, 2018, s. 181) føre med seg at dei tilsette i Nittedal (2023), Kristiansand (2016) og Senja (2020) kommune får meir kunnskap om fráværet til eleven enn tilsette i Volda (2023) og Orkland (2020) kommune. Denne kunnskapen kan bli brukt til å vurdere om det er behov for å iverksette tilrettelegging i ein førebyggjande fase.

Vi har også tidlegare sett at det berre er i Volda (2023) at elevar får informasjon om frávær rutinar. I HR-ramma blir det hevda at i ei gruppe trengst det leiing for å utvikle ei felles oppleving og retning av forplikingar (Bolman & Deal, 2018, s. 218). Ved at elevar får informasjon om handlingsplanen til Volda kommune (2023), kan det vere med på å bidra til at både tilsette ved skulen og elevane har ei felles oppleving og retning av frávær, sidan elevane her får vite om korleis alvorleg elevfrávær blir definert og følgt opp av tilsette.

Ei oppsummering av funna knytt til førebygging av elevfrávær i lys av HR-ramma ramma viser at:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Tilsette kan og bør bruke handlingsplanane som ei felles retning og forpliking i arbeidet med elevfrávær.
- Døma/råda i handlingsplanane kan vere ei form for opplæring.

Dette er ulik tilråding i handlingsplanane:

- I Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune har kontaktlærar teamet å arbeide saman med i den førebyggjande fasen av elevfrávær gjennom møte angående frávær.

- I Nittedal (2020) kan tilsette evaluere handlingsplanen undervegs, og dermed kan dei vere med på å påverke sine arbeidsoppgåver.
- Dersom føresette i Nittedal (2022), Kristiansand (2016) og Senja (2020) informerer om årsaka til fråværet, kan det gi tilsette informasjon som kan bli brukt til å førebygge «alvorleg elevfråvær».
- I Volda (2020) får elevane informasjon om fråværsrutinane, noko som kan vere med på å bidra til ei felles oppleving og retning av fråvær.

Ved å ta utgangspunkt i HR-ramma var vi på jakt etter spor av korleis leiinga skal hjelpe ei gruppe til å utvikle ei felles oppleving av retning og forpliktingar (Bolman & Deal, 2018, s. 218). Alle dei fem kommunane har handlingsplanar for fråvær, noko som kan og bør vere med på å gi dei tilsette ei felles retning og forpliktingar i arbeidet med elevfråvær. Det vi også ser er at dersom tilsette bruker handlingsplanane, og følgjer både dei konkrete og generelle råda som står der, kan dette bli sett på som opplæring. Men dei konkrete råda fører med seg forpliktingar for korleis tilsette skal utføre sine arbeidsoppgåver, som til dømes at kontaktlærar skal føre fråvær eller at fråvær skal vere fast sak på team, medan dei generelle råda ikkje fører med seg nokon forpliktingar. Vi ser også at nokre tilsette arbeider ein del individuelt med arbeidsoppgåvene, medan nokre kommunar har fråvær som fast sak på team og dermed arbeider i grupper. Såleis er dette i tråd med at HR-ramma peikar på at grupper har meir kunnskap, større perspektivbredde og meir tid og krefter til disposisjon enn dei som arbeider åleine (Bolman & Deal, 2018, s. 211). Vi kan konkludere med at tilsette som arbeider i grupper, og får informasjon om årsaka til fråværet kan ha større moglegheit til å førebygge fråvær.

### 5.1.3 Den politiske ramma

I denne delen av analyseprosessen er skulen sitt arbeid med å førebygge elevfråvær analysert i lys av nokre av dei teoretiske omgrepa som den politiske ramma gjev. Den politiske ramma hevdar mellom anna at å spreie makta på mange, eller på feil plass, fører til at ingenting blir gjort og at problem kan oppstå (Bolman & Deal, 2018, s. 44).

Om tilsette si opplæring i handlingsplanane blei det under den strukturelle ramma vist til at i Nittedal (2023, s. 16) og Volda (2023, s. 4) skal tilsette få opplæring i handlingsplanane, og at dette ikkje blir gjort i Kristiansand (2016), Orkland (2020) og Senja (2020). Med bakgrunn i at det i den politiske ramma blir hevda at makt er evna til å få ting til å skje (Bolman & Deal, 2018, s. 228), medfører dette

at kvar enkelt tilsett i Kristiansand (2016), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune bør bruke si makt til å setje seg inn i handlingsplanane og sine arbeidsoppgåver, sidan dei tilsette der ikkje får opplæring i planane. Men ein observasjon her, som også tidlegare er belyst, er at i handlingsplanen til Nittedal (2023, s. 16) står det at ikkje kven som skal leie den årleg opplæringa av handlingsplanen. I lys av den politiske ramma kan ei manglande fordeling av makt (Bolman & Deal, 2018, s. 44) til kva tilsett som skal leie opplæringa, føre til at opplæringa ikkje blir gjennomført fordi makta er spreia på for mange. I Volda (Volda kommune, 2023) ser ein derimot at det er rektor som skal leie opplæringa (Bolman & Deal, 2018, s. 44), og dermed er makta her gitt til ein bestemt tilsett. Vi ser dermed at planane er ulike, og dels uklare, når det gjeld makt knytt til tolking og iverksetting av korleis tilsette skal kjenne til sine arbeidsoppgåver.

Den politiske ramma hevdar at makta bli flytta til dei som har informasjonen og fagkunnskapen som skal til for å løyse viktige problem (Baldrige 1971, m.fl; Bolman & Deal, 2018, s. 236). Ovanfor blei det vist til utdrag frå handlingsplanane, der vi såg at føresette i alle dei fem kommunane skal melde inn frávær, men at det berre er i Nittedal (Nittedal kommune, 2023), Kristiansand (Kristiansand kommune, 2016) og Senja (Senja kommune, 2020, s. 13) at føresette enten skal eller blir oppmoda om å også gje årsaka til fráværet. Det at tilsette veit at eleven skal ha frávær eller ikkje har konsekvensar for arbeidsoppgåvene deira, fordi det kan gi informasjon om fráværet er eit problem som treng å bli løyst, eller om fráværet har naturlege årsaker.

Det er tidlegare registrert at det berre er i Nittedal kommune (2023, s. 5) at dei tilsette skal evaluere handlingsplanen kontinuerleg gjennom aktivt bruk. Det opnar opp for at tilsette får makt til å kunne vere med på å endre eller påverke innhaldet i handlingsplanen, og makt handlar om evna til å få ting til å skje (Bolman & Deal, 2018, s. 228). Tilsette i Nittedal kommune har moglegheit til å vere med på å endre innhaldet i handlingsplanen. Men evaluering av planen kan også føre til konflikhtar. Den politiske ramma hevdar at dersom makta blir samla på feil plass eller spreidd på mange, så kan det føre til at ingenting blir gjort og at problem oppstår (Bolman & Deal, 2018, s. 44). Det blir også hevda at konflikhtar er rota til personleg og sosiale endringar, og til kreativitet og nytenking (Bolman & Deal, 2018, s. 241). Dermed kan evaluering av handlingsplanen i Nittedal kommune føre med seg kreativitet og nytenking i korleis tilsette arbeider med elevfrávær. Sidan det ikkje står noko om dette i dei andre handlingsplanane, kan ein tolke det til at tilsette her ikkje har den same moglegheita til å påverke innhaldet i planane.

Det har også tidlegare blitt vist til at kontaktlærarar i Nittedal (2023), Volda (2023), Senja (2020) og Orkland (2020) kommune skal ha oversikt over fråværet, medan i Kristiansand kommune (2016) skal det bli utarbeidd egne rutinar ved skulen. I tillegg blei det vist til at i Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2016) kommune er fråvær fast sak på team. Som tidlegare nemnt hevdar den politiske ramma at dersom makta blir samla på feil plass, eller spreidd på så mange at ingenting blir gjort, kan problem oppstå (Bolman & Deal, 2018, s. 44). Det er tydeleg at det er kontaktlærarar si arbeidsoppgåve å føre fråvær og ha fråværsversikt i Nittedal (2023), Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune sidan makta (Bolman & Deal, 2018, s. 44) er gitt til bestemte tilsette. I Kristiansand (2016) skal det bli utarbeidd egne rutinar ved skulane, og derfor kan vi ikkje vite korleis det kan oppstå makt eller konflikt i dette arbeidet, men vi kan samla sett seie at dersom makta ikkje er tydeleg delegert kan det oppstå konflikt.

I alle dei fem handlingsplanane står det om generelle råd for korleis ein kan arbeide førebyggjande med elevfråvær, men det er ikkje oppført kor ofte eller kven som skal utføre desse arbeidsoppgåvene. Sett frå den politiske ramma vil både dei generelle råda i handlingsplanen for korleis tilsette kan arbeide med førebygging av elevfråvær vere ei makt for dei tilsette, sidan dei kan velje kva dei vil eller ikkje vil utføre.

Ei oppsummering av funna knytt til førebygging av elevfråvær i lys av den politiske ramma viser at:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Tilsette har makt til å setje seg inn i handlingsplanane.
- Dei generelle råda i handlingsplanen for korleis tilsette kan arbeide med førebygging av elevfråvær vil vere ei makt for dei tilsette, sidan dei kan velje kva dei vil eller ikkje vil utføre.
- Det kan oppstå konflikt når det ikkje er tydeleg kven som skal utføre arbeidsoppgåver, eller når det ikkje står når eller kor ofte noko skal bli gjennomført.

Dette er ulik tilråding i handlingsplanane:

- Tilsette i Nittedal (2022) har makt til å påverke innhaldet i handlingsplanane gjennom å evaluere den.
- I Kristiansand (2016) har skulane makt til å utforme egne rutinar knytt til førebygging av elevfråvær.

Det samla bildet frå analysen viser at planane har både likskapar og ulikskapar når det gjeld makt knytt til tolking og iverksetting, men at tilsette har makt til å setje seg inn i handlingsplanane og til korleis dei vel å utføre sine arbeidsoppgåver.

#### 5.1.4 Den symbolske ramma

Den symbolske ramma legg til grunn at symbol formidlar meining i arbeidet (Bolman & Deal, 2018, s. 315). Vi kan derfor nytte dette perspektivet i analyse av handlingsplanane for å sjå om og korleis dei fungerer for dei tilsette, slik at dei tilsette ser ei felles oppgåve når det kjem til arbeid med elevfråvær (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 384).

Alle dei fem kommunane har handlingsplanar for elevfråvær. I følgje den symbolske ramma blir det mellom anna hevda at planar er eit signal om at alt står bra til, eller at forbetringane er like rundt hjørnet (Bolman & Deal, 2018, s. 342). Handlingsplanane kan dermed symbolisere både kva som er målet til dei tilsette å arbeide mot, og samstundes vere eit signal om at alt står bra til eller at forbetringane er like rundt hjørnet (ibid). Der handlingsplanane skil seg, er i korleis det blir lagt vekt på opplæring som fangar inn det symbolske perspektivet. Vi har tidlegare sett at i Volda (2023) og Nittedal (2023) kommune skal tilsette få opplæring i handlingsplanane. I tillegg har vi sett at i Nittedal (2023), Kristiansand (2016), Volda (2023) og Senja (2020) sine handlingsplanar står det at føresette skal bli informerte om handlingsplanane. Sett i lys av den symbolske ramma vil ei regelmessig opplæring kunne gje dei dei tilsette og føresette ei retning i arbeidet med elevfråvær (Bolman & Deal, 2018, s. 384). Det kan medføre at ein veit kva skulen sine tilsette arbeider med. Dersom ein ikkje får opplæring i planane, veit ein ikkje kva som er retninga eller målet med dette arbeidet, noko som kan føre til at ein kan bli forvirra eller ineffektiv (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 291). Det er også ein observasjon å påpeike at det er berre elevar i Volda kommune (2023) som får informasjon om handlingsplanen, noko som kan vere symbolsk for desse elevane (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 384). Dette er noko elevane i dei fire andre kommune ikkje får opplæring i.

Ovanfor er det også vist til at i Nittedal kommune (2023) skal det vere kontinuerleg evaluering av handlingsplanen. I lys av den symbolske ramma er det hevda at evaluering er eit ritual som skal dempe befolkninga sin uro og oppretthalde eit bilde av statleg rasjonalitet, effektivitet og ansvarlegheit (Floden og Weiner, 1978, s. 17; Bolman & Deal, 2018, s. 344). Sidan tilsette i Nittedal kommune (2023) kan vere med på å evaluere handlingsplanen, kan dette dermed forsterke det

symbolske i handlingsplanen på ein positiv måte for dei tilsette, i form av effektivitet og ansvarlegheit. Sidan det ikkje står noko om at tilsette i dei fire andre kommunane skal evaluere handlingsplanane, kan dette føre til uro, fordi tilsette ikkje har moglegheit til å vere med på å evaluere og såleis påverke innhaldet og dermed sine arbeidsoppgåver i arbeidet med elevfråvær (jf. Floden og Weiner, 1978, s. 17; Bolman & Deal, 2018, s. 344).

I den symbolske ramma er hendingar og prosessar ofte viktigare på grunn av det dei uttrykker eller signaliserer, enn på grunn av formålet eller resultata (Bolman & Deal, 2018, s. 291). Tidlegare har både fråværsføring og fråværsversikt i kommunane blitt presentert, men i lys av den symbolske ramma kan ein sjå på både fråværsføring og fråværsversikt som signal tilsette brukar for å signalisere til både heimen og eleven at fråværet er registrert. Dermed kan denne føringa vere eit signal til både eleven og heimen, og såleis ha ei effekt i seg sjølv. Grunnen til at fråværet blir registrert og at tilsette skal ha oversikt, er fordi i dei fem handlingsplanane skal tilsette vite om eleven fell under dei definisjonane som kommunane kallar «alvorleg» eller «bekymringsfullt fråvær». I Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune er det fast at fråvær skal vere sak på team, noko som i lys av den symbolske ramma også kan signalisere til dei tilsette at dette er viktig å arbeide med (Bolman & Deal, 2018, s. 291). I dei fem handlingsplanane står det også som tidlegare nemnt om generelle og konkrete førebyggjande arbeidsmetodar, og i lys av den symbolske ramma kan desse råda føre til at tilsette har eit felles mål for auge gjennom korleis dei kan arbeide med elevane (Bolman & Deal, 2018, s. 384). Råda kan såleis hjelpe folk med å fjerne forvirring, finne retning og forankre forhåpningar og tru gjennom at dei blir sett på som symbolske (Bolman & Deal, 2018, s. 291), dersom tilsette vel å arbeide med dette.

Ei oppsummering av funna knytt til førebygging av elevfråvær i lys av den symbolske ramma viser at:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Handlingsplanane symboliserer kva som er målet til dei tilsette å arbeide mot.
- I handlingsplanane står om generelle og konkrete førebyggjande arbeidsmetodar og desse råda kan føre til at tilsette har eit felles mål for auge gjennom korleis dei kan arbeide.

Dette er ulik tilråding i handlingsplanane:

- Tilsette i Nittedal (2023) og Volda (2023) skal få opplæring i handlingsplanane, og opplæring av handlingsplanane kan gje dei dei tilsette og føresette ei retning i arbeidet med elevfråvær.

- Elevar i Volda (2023) får informasjon om handlingsplanen, noko som kan symbolisere at dei veit kva som er meininga med fråvær.
- I Nittedal (2023) kan tilsette vere med å evaluere handlingsplanane, noko som kan dempe uro.
- I Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) er fråvær fast sak på team, noko som i lys av den symbolske ramma også kan signalisere til dei tilsette at dette er viktig å arbeide med

Samla sett kan vi dermed sjå at det er både like og ulike tilrådingar i korleis tilsette ser ei felles oppgåve når det kjem til arbeid med elevfråvær (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 384).

## 5.2 Definisjonar av elevfråvær

Dei fem handlingsplanane er utforma slik at det skal vere ein definisjon til stades for at skulane set i verk oppfølging. Derfor skal definisjonane i dei fem kommunane vidare bli presenterte. I Nittedal kommune er alvorleg fråvær definert som 10 dagar fråvær (gyldig eller ugyldig), 10 enkelttimar fråvær i eitt semester, gjentakande forseintkommingar eller at eleven er på skulen, men ikkje deltek i timane (Nittedal kommune, 2023, s. 21). Volda kommune definerer urovekkande fråvær dersom eleven kjem for seint 3 gongar på ein månad, uansett om fråværet er dokumentert eller ikkje. Vidare dersom eleven har fråvær utan permisjon frå 3 enkeltdagar i løpet av ein månad, uansett om fråværet er dokumentert eller ikkje, eller dersom eleven har fråvær utan permisjon over 10 dagar innanfor same semester, uavhengig av om fråværet er dokumentert eller ikkje (Volda kommune, 2023, s. 3). I Kristiansand kommune skal det bli kalla inn til møte umiddelbart dersom eleven er vekke frå skulen 5 dagar i løpet av 3 veker, forlèt skulen eller kjem for seint gjentatte gongar i løpet av 3 veker eller har 25% fråvær over tre veker (Kristiansand kommune, 2016, s. 7). I Orkland kommune er bekymringsfullt fråvær ugyldig fråvær frå enkelttime (udokumentert), dette inneber både «vandring» og skulk, om eleven kjem for seint meir enn to gongar i løpet av ei veke, har meir enn tre enkeltdagar fråvær i løpet av ein månad, eller dersom føresette ofte opplever at eleven ikkje vil møte på skulen (Orkland kommune, 2020). Senja kommune definerer bekymringsfullt skulefråvær dersom eleven møter opp på skulen etter press og ber om å få sleppe, eleven møter til timen men forlèt den igjen, eleven har kome for seint tre gongar på ein månad, eleven er vekke tre enkelttimar i løpet av ei veke (med mindre det til dømes er til tannlegen), eller om eleven er vekke tre dagar i løpet av fire veker (Senja kommune, 2020, s. 5).



### 5.2.1 Den strukturelle ramma

I lys av den strukturelle utforminga er det sett på korleis ein skal forstå definisjonane av elevfråvær. Dersom strukturen for definisjonane er tydeleg kan dette verne mot at menneska blir forvirra, ineffektive, likegyldige eller negative (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75).

Med utgangspunkt i Nittedal kommune (2023) sine definisjonar på alvorleg fråvær, er det tydeleg struktur (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75) at elevar med 10% fråvær eller 10 enkelttimar fråvær i eit semester har alvorleg skulefråvær. Men det er utydeleg korleis vi skal forstå «gjentakande forseintkomingar». Grunnen til at dette er utydeleg er fordi «gjentakande» kan bli forstått som at dersom noko skjer meir enn ein gong, så er det gjentakande. Det er noko som i så fall medfører at tilsette skal definere at eleven har «alvorleg skulefråvær» dersom eleven har kome for seint til undervisning to gongar, og det kan virke litt usannsynleg at ein elev skal ha «alvorleg elevfråvær» ved to forseintkomingar. I tillegg til at det er uklart korleis ein skal forstå «gjentakande», er det også uklart kva som utløyser at eleven har «forseintkoming». Til dømes kan «forseintkoming» vere eitt eller ti minutt. Det er også uklart korleis ein skal forstå «eleven er på skulen, men ikkje i timane», for til dømes kan dette bli forstått som at dersom ein elev er på skulen, men har vore i vekke i meir enn ein time, så har eleven «alvorleg skulefråvær». Definisjonane i Nittedal kommune har tydeleg struktur i definisjonen av alvorleg elevfråvær ved 10% eller 10 enkeltdagar med fråvær, noko som kan verne mot at dei tilsette blir forvirra (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75).

Det som er tydeleg struktur (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75) i Kristiansand kommune (2016) sine definisjonar av elevfråvær, er at kontaktlærar skal sette inn tiltak dersom eleven har hatt 5 dagar fråvær i løpet av 3 veker og 25% fråvær over tre veker. Det kan såleis verne mot at dei tilsette blir forvirra (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75). Men det som er uklart å forstå (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75) er når eleven er sein «gjentatte gangar», noko som gjer dei tilsette forvirra til liks med forklaringa ovanfor.

I Volda kommune sine definisjonar av elevfråvær er det tydeleg struktur (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75), å forstå at tre dagar fråvær på ein månad eller 10 dagar med fråvær innan same semester, uansett om det er dokumentert eller ikkje, utløyser oppfølging (Volda kommune, 2023). Det som er utydeleg å forstå er når «eleven kjem forseint 3 gongar, uansett om fråværet er dokumentert eller ikkje» (Volda kommune, 2023). Grunnen til at dette er uklart er på grunn av ordet «forseint», fordi

det kan bli tolka på ulike måtar, noko som kan gjere dei tilsette i Volda kommune forvirra (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75).

Det som er tydeleg struktur (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75) i Orkland kommune er om eleven har meir enn tre enkeltdagar fråvær i løpet av ein måned, og/eller at føresette ofte opplever at eleven ikkje vil på skulen, eller om eleven har ugyldig fråvær frå enkelttime (Orkland kommune, 2020). Det som er utydeleg struktur (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75) er når «intern skulk», «vandring» og «forsein» skal utløyse at det blir iverksett tiltak (Orkland kommune, 2020).

I Senja kommune skal det bli iverksett oppfølging «dersom eleven møter opp på skulen etter press» eller «møter på skulen, men forlèt den igjen» (Senja kommune, 2020). Desse definisjonane kan vere uklart korleis ein skal forstå (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75). Men det som er tydeleg å forstå (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 75) er at det skal bli sett inn tiltak dersom eleven har tre enkelttimar udokumentert fråvær i løpet av ei veke, eller er vekke tre dagar i løpet av fire veker (Senja kommune, 2020).

Ei oppsummering av funna knytt til definisjonar av elevfråvær i lys av den strukturelle ramma viser at: Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Alle handlingsplanane har definisjonar for «alvorleg elevfråvær».
- Når ein definisjon er til stades skal oppfølging av eleven sitt fråvær bli iverksett.

Dette er ulik tilråding i handlingsplanane:

- I Nittedal kommune (2023) er det tydeleg struktur i definisjonen av alvorleg elevfråvær ved 10% eller 10 enkeltdagar med fråvær, noko som kan verne mot at dei tilsette blir forvirra. Definisjonane «gjentakande forseintkomingar» har uklar struktur, og kan vere med på å gjere dei tilsette forvirra, sidan det ikkje er heilt tydeleg kva dette inneber.
- I Kristiansand kommune (2016) er det tydeleg å forstå at eleven har alvorleg elevfråvær dersom eleven har hatt 5 dagar fråvær i løpet av 3 veker og 25% fråvær over tre veker, men det som er uklart å forstå er kva som utløyser definisjonen «eleven er sein gjentatte gangar».
- I Volda kommune (2023) sine definisjonar av elevfråvær er det tydeleg å forstå at tre dagar fråvær på ein måned eller 10 dagar med fråvær i eitt semester, uansett om det er

dokumentert eller ikkje, utløyser oppfølging. Det som er utydeleg er å forstå er når «eleven kjem forseint 3 gongar, fordi ordet «forseint» kan bli tolka på ulike måtar.

- I Orkland kommune (2020) er det tydeleg struktur å forstå at eleven har alvorleg elevfråvær dersom eleven har meir enn tre enkeltdagar fråvær i løpet av ein måned, og/eller at føresette ofte opplever at eleven ikkje vil på skulen, eller om eleven har ugyldig fråvær frå enkelttime. Det som er utydeleg er å forstå er når «intern skulk», «vandring» og «forsein» utløyser «alvorleg elevfråvær».
- I Senja kommune (2020) er det tydeleg at det skal bli sett inn tiltak dersom eleven har tre enkelttimar udokumentert fråvær i løpet av ei veke, eller er vekke i tre dagar i løpet av fire veker. Det er uklart å forstå korleis definisjonane «dersom eleven møter opp på skulen etter press» og «møter på skulen, men forlèt den igjen», utløyser alvorleg elevfråvær.

Vi kan dermed konkludere med at dei uklare definisjonane av elevfråvær der det er brukt ord som «gjentakande» eller «forseintkomingar», kan føre at dei tilsette blir forvirra sidan dette tolkast ulikt. Såleis kan dei tydelege definisjonane av elevfråvær, der det er brukt tal timar eller dagar, føre til at tilsette utfører sine arbeidsoppgåver riktig (Bolman & Deal, 2018, s. 75). Dei uklare definisjonane kan føre til at tilsette praktiserer definisjonane av «alvorleg elevfråvær» ulikt, noko som vidare får konsekvensar for når tilsette startar med oppfølging av fråværet.

### 5.2.2 HR-ramma

HR-ramma skal analysere om definisjonane kan vere med på å utvikle ei felles oppleving og retning av forplikingar, for å forhindre at feilnavigering skjer (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 218). I tillegg hevdar HR-ramma at grupper har meir kunnskap, større perspektivbredde og meir tid og krefter til disposisjon enn dei som arbeidar åleine (Bolman & Deal, 2018, s. 211), og derfor er det også analysert om tilsette her skal arbeide åleine eller i grupper.

I Nittedal (2023, s. 16), Orkland (2020) og Senja (2020, s. 12) kommune er det kontaktlærer eller faglærer som skal føre fråvær, og såleis er det dei som skal definere kva type fråvær eleven har. Sidan det er fleire tilsette som skal arbeide med den same arbeidsoppgåva her, har dei moglegheita til å samarbeide. Vi har tidlegare sett at nokre av definisjonane kan vere uklare å forstå, og eit døme på samarbeid her kan vere korleis dei skal definere «gjentakande» eller «forseintkoming». I Kristiansand kommune (2020, s. 4) skal det blir utarbeidd eigne rutinar knytt til kven som skal definere fråværet,

og derfor veit vi ikkje om tilsette her skal samarbeide eller ikkje når fråværet skal bli definert. I Volda kommune (2023, s. 4) er det kontaktlærer som skal definere fråværet. Når vi ser at kontaktlærer skal vere åleine om å definere fråværet, så kan ei moglegheit vere å samarbeide med andre kontaktlærarar.

Ei oppsummering av funna knytt til definisjonar av elevfråvær i lys av HR-ramma viser at:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Definisjonane av fråvær skal vere med på å gi dei tilsette ei retning og hindre at det skjer feil.

Det som er ulik tilråding i handlingsplanane:

- Det er moglegheit for kontaktlærer og faglærer å arbeide i grupper i Nittedal (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune når fråværet til eleven skal definerast.
- I Volda kommune (2023) er kontaktlærer åleine om å skulle definere fråværet.
- I Kristiansand kommune (2016) skal det bli utarbeidd egne rutinar ved skulane.

Med bakgrunn i at HR-ramma hevdar at det er ein fordel å arbeide i gruppe (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 218), kan vi forstå det slik at kontaktlærer og faglærer som arbeider i grupper, slik som i Nittedal (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune, har meir kunnskap, større perspektivbredde og meir tid og krefter til disposisjon enn dei som arbeider åleine (Bolman & Deal, 2018, s. 211). Dette står i kontrast til om kontaktlærer er åleine i arbeidet, slik som i Volda kommune (2023).

### 5.2.3 Den politiske ramma

I denne delen er det presentert kven som har makt (Bolman & Deal, 2018, s. 228), og korleis det kan oppstå konflikt (Bolman & Deal, 2018, s. 240) i arbeidet med å definere elevfråvær.

Tidlegare i analysen har det blitt avdekkja at det er faglærer og kontaktlærer i Nittedal kommune (2023), Orkland kommune (2020) og Senja kommune (2020) som skal definere om eleven har fråvær. I Volda kommune (2023) er dette kontaktlærer sin jobb, og i Kristiansand kommune (2016) skal det vere utarbeidd egne rutinar. I lys av den politiske ramma er makta delt mellom kontaktlærer og faglærer i Nittedal (2023), Orkland 2020) og Senja (2020), medan i Volda (2023) er det kontaktlærer

som har denne makta. I Kristiansand kommune (2016) veit vi ikkje korleis makta er fordelt. I analysen av definisjonar av elevfråvær i lys av den strukturelle ramma, kunne vi sjå at nokre av definisjonane kan vere vanskelege å forstå, grunna val av ord som «gjentakande» og «forseintkoming». Når vi tar utgangspunkt i den politiske ramma, ser vi at det her kan oppstå konflikt (Bolman & Deal, 2018, s. 241). Grunnen at det kan oppstå konflikt er dersom tilsette er ueinige i korleis ein skal forstå definisjonane av fråvær. Dette kan igjen føre til at tilsette i kommunane fører fråvær ulikt. Konsekvensar av det kan vere at elevar får ulikt fråvær på bakgrunn av tilsette sitt arbeid med fråværsføring. Men den politiske ramma hevdar også at konfliktrar er normalt og uunngåeleg (Bolman & Deal, 2018, s. 241), og at konfliktrar ikkje nødvendigvis er eit problem eller teikn på at noko er i vegen (Bolman & Deal, 2018, s. 240). Konfliktrar som kan oppstå i arbeidet med å definere elevfråvær kan også bli brukte til å bli einige og forstå definisjonar av elevfråvær.

Ei oppsummering av funna knytt til definisjonar av elevfråvær i lys av den politiske ramma viser at:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Dei som skal føre fråvær har makt til å definere fråværet.

Det som er ulik tilråding i handlingsplanane:

- Faglærer i Nittedal kommune (2023), Orkland kommune (2020) og Senja kommune (2020) har makt til å føre fråvær.
- I Volda kommune (2023) har kontaktlærer denne makta åleine.
- I Kristiansand kommune (2016) skal det bli utarbeidd eigne rutinar.

Det kan også oppstå konflikt (Bolman & Deal, 2018, s. 240-241) blant tilsette dersom dei er ueinige i korleis ein skal forstå definisjonane av fråvær. Definisjonane av fråvær skal vere med på å gi dei tilsette ei retning og hindre at det skjer feil.

#### 5.2.4 Den symbolske ramma

Den symbolske ramma kan vere med på å fjerne forvirring og finne retning (Bolman & Deal, 2018, s. 291), og her er det presentert kva som er symbolsk i definisjonane av elevfråvær.

Alle dei fem handlingsplanane har definisjonar på kva som er alvorleg fråvær, og dette kan vi tolke til at det er symbolsk (Bolman & Deal, 2018, s. 291) for tilsette, elevar og føresette, fordi det fortel om kva som utløyser at fråværet krev oppfølging. Den symbolske ramma hevdar også at hendingar og prosessar ofte er viktigare på grunn av det dei uttrykker eller signaliserer, enn på grunn av deira formål eller resultat (Bolman & Deal, 2018, s. 291). Definisjonane signaliserer dermed at det går ei grense for når tilsette skal gå i frå å føre fråvær til å skulle iverksette å følgje opp fråværet. Men på den andre sida har det også tidlegare i analysen vist seg at nokre av definisjonane er til dels uklare å forstå, noko som kan føre til at tilsette blir forvirra (Bolman & Deal, 2018, s. 291). Derfor kan det vere eit symbolsk skilje mellom dei definisjonane som er tydelege å forstå og dei som er uklare.

Ei oppsummering av funna knytt til definisjonar av elevfråvær i lys av den symbolske ramma viser at:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Definisjonane er utarbeidde for å skilje mellom når tilsette skal iverksette oppfølging.

Det som er ulik tilråding i handlingsplanane:

- Innhaldet i definisjonane av elevfråvær.

Definisjonane på fråvær som er tydelege (Bolman & Deal, 2018, s. 291) å forstå, kan vere med på å skape ei tydeleg retning for kva dei tilsette skal gjere i arbeidet med definisjonane av elevfråvær. Dei uklare definisjonane (ibid) kan føre til at tilsette blir forvirra og ikkje veit korleis dei skal forstå definisjonane. Alle dei fem handlingsplanane har definisjonar som er både tydelege og utydelege.

### 5.3 Oppfølging av alvorleg elevfråvær

Her er det presentert korleis skulane følgjer opp alvorleg elevfråvær når definisjonen på alvorleg elevfråvær er til stades. Handlingsplanane har ulike «trinn» som skal bli iverksette, og denne kronologien for korleis kommunane skal arbeide er vidare presentert.

Nittedal kommune skal følge fem trinn i oppfølginga (Nittedal kommune, 2023, s. 21). I trinn 1 skal kontaktlærer kontakte føresette for å informere om og undersøke årsaker til fråværet, og involvere andre instansar ved behov (Nittedal kommune, 2023, s. 22). Dersom kontaktlærer avgjer at trinn 2

skal bli iverksett skal det vere ein kartleggingssamtale, der kontaktlærer avtaler møte med føresette og elev innan 1 veke, og leiinga og helsesjuepleiar skal bli informerte (Nittedal kommune, 2023, s. 22-23). I trinn tre skal det lagast ein samarbeidsavtale med tiltak for å få eleven tilbake på skulen, og det skal stå kven som skal gjere kva og når (Nittedal kommune, 2023, s. 24). I trinn 4 skal det vere ei evaluering for å finne ut om tiltaka har vore effektive og riktige (Nittedal kommune, 2023, s. 25). Dersom målet er nådd eller ein ser at tiltaka viser seg å ha effekt, så skal det bli laga ein ny samarbeidsavtale, men dersom tiltaka ikkje har bedra fråværet og målet ikkje er nådd skal utfordringane bli drøfta i tverrfagleg konsultasjonsteam for skulefråvær (ibid). I trinn 5 skal saka drøftast i tverrfagleg konsultasjonsteam for skulefråvær, der PPT, skulehelsetenesta og barneverntenesta er representerte, og ein annan instans kan her overta ansvaret og/eller involvere andre samarbeidspartnerar (Nittedal kommune, 2023, s. 26).

I Volda kommune er det ein trinnmodell som går over tre trinn (Volda kommune, 2023, s. 5). I trinn 1 skal kontaktlærer informere leiinga om fråværet og ha samtale med eleven og føresette snarleg (ibid). Samtalen skal handle om eleven sin skulesituasjon og skulekvardag, og ein samarbeidsavtale med forslag til tiltak for å redusere fråværet skal bli utarbeidd (ibid). Etter to veker skal samarbeidsavtalen bli evaluert saman med eventuelt helsesøster, rådgjevar eller miljørettleiar, og då kan ein enten avslutte saka fordi ein ikkje er uroa over fråværet eller gå til trinn to (ibid). I trinn 2 overtar rektor ansvaret (ibid). Det skal utarbeidast ny samarbeidsavtale, der tiltaka enten blir vidareførte eller justerte, eller ein skal vurdere andre samarbeidspartnarane, og i så fall skal rektor etablere kontakt innan 1 veke. Samarbeidsavtalen skal bli evaluert etter to veker, og ein er då over i trinn 3 (ibid). Ny samarbeidsavtale skal bli oppretta, og denne gjeld fram til neste evaluering eller til samarbeidspartnarar er kopla på, og det skal vere ei tydeleg ansvarsfordeling (ibid). Det skal vere avtale om når neste møte skal vere, og gjennom heile prosessen skal eleven/foreldra ha oppfølging ved å ha samtalar med kontaktlærer, miljørettleiar, helsesøster, foreldrerettleiar eller andre (ibid).

I handlingsplanen til Kristiansand kommune går oppfølginga over fire trinn (Kristiansand kommune, 2016, s. 4), men det er berre trinn 3 og 4 som knytt til oppfølging. I trinn 3 står det at skulen skal kalle inn til møte umiddelbart dersom ein av definisjonane på alvorleg elevfråvær er til stades (ibid). På dette møtet skal enten rektor/inspektør/sosiallærer, kontaktlærer, føresette, helsesøster, eleven og eventuelt andre instansar stille (ibid). Skulen skal sette i gang tiltak med bakgrunn i samarbeidet (ibid). Det skal det vere oppfølgingsmøte med dei same deltakarane som i første møte etter tre veker (ibid). Dersom fråværet er mindre eller vekke i løpet av dei tre vekene, skal det bli laga vidare tiltak

(ibid). Men dersom tiltaka ikkje har hatt ønska effekt skal Grunnskulens Pedagogiske Støtteeining (GPS) bli kontakta, og vidare tilvising er aktuelt (ibid).

I Orkland kommune er det skissert fire trinn i oppfølginga (Orkland kommune, 2020). Først skal kontaktlærer informere føresette om at eleven har «alvorleg fråvær» og finne ut av årsaka (ibid). Kontaktlærer skal informere leiinga ved skulen (ibid). På første teammøte skal fråværet bli drøfta, og ved behov for kartlegging skal ein gå til neste steg der fråværet blir kartlagt i møte med foreldre og elev. Under møte er det to eigne skjema som skal bli nytta som handlar om elev og foreldre (ibid). Leiinga ved skulen skal følgje opp kontaktlærer, og aktuelle samarbeidspartnerar kan bli involverte (ibid). Det neste som skal skje er at kontaktlærer kallar inn til samarbeidsmøte mellom inspektør/rektor, føresette og elev, der det blir utarbeidd tiltak for å redusere fråværet (ibid). I samarbeidsavtalen skal det vere fordelt kven som har ansvar for kva, og det skal vere evaluering innan 2-3 veker (ibid). Dersom fråværet ikkje har betra seg under evalueringa og det er behov for tverrfagleg drøfting, skal ein ta kontakt med aktuelle tenester (ibid). Drøfting med aktuelle tenester skal skje saman med skulen, og foreldra og eleven blir oppmoda om å delta (ibid).

I Senja kommune er oppfølginga presentert i trinn 2, 3 og 4 (Senja kommune, 2020, s. 12). Trinn 2 handlar om identifisere årsaka til fråværet. Det er kontaktlærer og skulen si leiing som er ansvarlege (Senja kommune, 2020, s. 12), men det er kontaktlærer som skal koordinere arbeidet (Senja kommune, 2020, s. 14). Kontaktlærer skal i dette trinnet ringe til føresette for å sjekke om det er grunn til bekymring, og i så fall skal ein gå vidare til trinn 3 (ibid). Dersom det ikkje er grunn til bekymring skal ein følgje opp ved nytt fråvær (ibid). I trinn 3 er det kartlegging, tiltak og evaluering og leiinga på skulen, kontaktlærer, ressursteam, PPT, skulehelseteneste, helseteneste og barnevernstenesta er ansvarlege (Senja kommune, 2020, s. 12). Leiinga skal bli informert om fråværet og ta ansvaret for den vidare oppfølginga (ibid). Skulen skal kalle inn elev og foreldre til møte for å kartlegge og utarbeide tiltak, og ein skal vurdere om andre instansar skal bli kopla på (ibid). Etter tre veker skal samarbeidsavtalen bli gjennomført (ibid). Ved behov for oppretthaldande tiltak skal det lagast ny samarbeidsplan, men dersom det er behov for vidare tiltak skal ein gå til trinn 4 (Senja kommune, 2020, s. 12). I dette trinnet er det leiinga, kontaktlærer, PPT, BUP, handlingsplanpsykolog, barneverntenesta og skuleeigar som er ansvarlege (Senja kommune, 2020, s. 12). Eleven skal bli tilvist til PPT, og andre aktuelle instansar skal bli kopla på (ibid).



### 5.3.1 Den strukturelle ramma

I lys av den strukturelle ramma er det vidare presentert kva som er tydeleg og utydeleg struktur i handlingsplanane når det kjem til tilsette si oppfølging av elevfråvær.

Med bakgrunn i utdraga ovanfor er det tydeleg at heimen skal bli kontakta når definisjonen på «alvorleg fråvær» er til stades i dei fem handlingsplanane. I Nittedal (2023), Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune er det også tydeleg at det er kontaktlærer som skal kontakte heimen. Sett i frå den strukturelle ramma er fordelinga av denne arbeidsoppgåva tydeleg (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 81), sidan dei tilsette veit kva som skal bli gjort og kven som skal gjere det. I Kristiansand kommune (2016) er det «skulen» som skal kontakte heimen, og rutinar knytt til dette skal bli utarbeidde ved skulen. Ordet «skule» gir inga tydeleg arbeidsfordeling, noko som kan føre til at det uklart kven av dei tilsette som skal kontakte heimen (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 82). Det kan føre til at denne arbeidsoppgåva ikkje blir utført. Den strukturelle ramma hevdar at dersom det skjer individuelle feil, så er det som regel den organisasjonsmessige og sosiale konteksten som dannar systemfeila (Bolman & Deal, 2018, s. 53).

Alle kontaktlærarar i dei fem kommunane skal informere rektor når definisjon på alvorleg fråvær er til stades. I Nittedal (2023) og Volda (2023) blir det framstilt som at rektor si rolle i denne delen er å få informasjon om fråværet, medan i Kristiansand (2016) og Senja (2020) blir rektor aktivt involvert i den vidare oppfølginga av fråværet. I Kristiansand (2016) skal rektor vere med på møte som skulen har med heimen. I Senja kommune (2020) skal rektor også vere med på møte, men også overta ansvaret for oppfølginga av fråværet. I Orkland kommune (2020) skal også rektor vere med på dette møtet. Sett i lys av den strukturelle ramma (Bolman & Deal, 2018, s. 82) er arbeidsoppgåvene i dei fem handlingsplanane tydeleg fordelte og organiserte, men det er variasjonar i om kontaktlærer er åleine med arbeidet i startfasen av oppfølginga, eller om rektor også er med eller har overtatt ansvaret.

Etter at kontaktlærer har hatt kontakt med heimen om at eleven har «alvorleg elevfråvær», er det neste som skal skje i dei fem handlingsplanane at foreldre og eventuelt elev skal vere med på møte saman med kontaktlærer, og ev. andre involverte tilsette eller instansar. Det skal lagast ein samarbeidsavtale med tiltak for å betre fråværet. Tydeleg struktur kan verne mot at menneska blir forvirra, ineffektive, likegyldige eller negative (Bolman & Deal, 2018, s. 75). I alle handlingsplanane skal det vere evaluering der tiltaka skal bli justerte eller vidareførte, og i tillegg er det sett tidsfrist for

når tiltaka skal bli evaluerte. I Nittedal (2023), Kristiansand (2016) og Senja (2020) skal samarbeidsavtalen bli evaluert etter 3 veker, i Volda (2023) etter to veker og i Orkland (2020) etter 2-3 veker. Dermed har alle fem handlingsplanane tydeleg struktur for når evalueringa skal bli gjennomført. Det er også tydeleg struktur i Nittedal (2023), Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) sine handlingsplanar at om dersom fråværet ikkje betrar seg, eller om det er behov, så skal andre instansar bli involverte. Medan i Kristiansand skal grunnskulens støtteining uansett bli involvert etter 3 veker. Vi ser dermed at i alle handlingsplanar skal eller kan instansar bli involverte av tilsette i grunnskulen under arbeidet med oppfølginga av elevfråværet. Sett i lys av den strukturelle ramma, er strukturen i kven som skal gjere kva, når og korleis i dette trinnet tydeleg, og kan såleis føre til at dette blir gjennomført fordi dei tilsette ikkje er forvirra over kva som skal skje (jf. Bolman & Deal, 2018, s. 82).

Vidare er det analysert om det er forslag til tiltak eller andre hjelpemiddel tilsette kan bruke i arbeidet med oppfølging av elevfråvær, og her er det vist til nokre døme i handlingsplanane. I Nittedal kommune er det forslag til kva spørsmål tilsette kan stille til eleven ved bekymring for fråvær (Nittedal kommune, 2023, s. 29). I Kristiansand kommune er det døme på vanlege tiltak og tiltaksplan som ein kan bruke i arbeidet (Kristiansand kommune, 2016, s. 14). I Volda kommune er det døme på spørsmål kontaktlærer eller andre kan stille til foreldre og føresette i møte (Volda kommune, 2023, s. 6-9). I Orkland kommune er det døme på tiltak ein kan gjere på skulen og i heimen (Orkland kommune, 2020). I Senja kommune er det også forslag til spørsmål som kan bli brukte i møte (Senja kommune, 2020, s. 26-27). Sett i lys av den strukturelle ramma (Bolman & Deal, 2018, s. 82) er er det tydelege verktøy i alle dei fem handlingsplanane som tilsette kan bruke i oppfølging av elevfråvær. Ein annan observasjon knytt til analysen i denne delen er når møtet mellom heim og skulen skal finne stad. I Volda (2023) sin handlingsplan står det til dømes at «møtet skal vere snarleg». Ordet «snarleg» kan tilsette tolke ulikt, noko som kan føre til at det kan ta tid før det skal vere møte, medan i Nittedal (2023) sin handlingsplan står det at «møte skal skje innan 1 veke». Denne konkrete skrivemåten i handlingsplanen har tydelegare struktur og kan hindre at tilsette blir forvirra (Bolman & Deal, 2018, s. 75).

Ei oppsummering av funna i oppfølging av alvorleg elevfråvær i lys av den strukturelle ramma viser:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Heimen skal bli kontakta når eleven har «alvorleg elevfråvær».

- Alle kontaktlærarar i dei fem kommunane skal informere rektor når definisjon på alvorleg fråvær er til stades.
- Kontaktlærar skal samarbeide med foreldre og elev, og ev. andre involverte (tilsette eller instansar), for å lage ein samarbeidsavtale med tiltak for å betre fråværet. Etter ei tid skal det vere evaluering, der tiltaka enten blir justerte eller vidareførte, og i tillegg er det sett ein tidsfrist for når tiltaka igjen skal evaluerast.
- I alle handlingsplanane er det forslag til korleis ein kan arbeide med oppfølging, gjennom til dømes «tiltaksbank».

Det som er ulik tilråding i handlingsplanane:

- I Nittedal (2023), Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) kommune skal kontaktlærar kontakte heimen når definisjon av alvorleg fråvær er til stades.
- I Kristiansand kommune (2016) kan det skje individuelle feil når heimen skal bli kontakta ved «alvorleg fråvær», fordi ordet «skule» ikkje gir ei tydeleg arbeidsfordeling.
- I Nittedal (2023), Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) sine handlingsplanar står det at dersom fråværet ikkje betrar seg eller det er behov, så skal andre instansar bli involverte.
- I Kristiansand (2016) skal grunnskulens støtteining uansett bli involvert etter 3 veker.
- Det er variasjonar om kontaktlærar er åleine med arbeidet i startfasen av oppfølginga, eller om rektor også er med eller har overtatt ansvaret.

Vi kan derfor konkludere med at alle kommunane har ein plan for korleis dei skal følgje opp elevar med «alvorleg elevfråvær», og at kontaktlærar, elev og føresette skal vere med for å lage ein samarbeidsavtale med mål om å betre fråværet. Den skal evaluerast etter ei viss tid, men vi ser også at det er ulikt om kontaktlærar er åleine i dette arbeidet, eller om andre tilsette, som til dømes rektor, også skal vere involvert. Det er også ulikt når eller om andre instansar skal bli involverte. Val av ord som «skule» eller «snarleg» gir ein utydeleg struktur, og kan føre til at tilsette ikkje veit kva som er deira arbeidsoppgåve.

### 5.3.2 HR-ramma

Med utgangspunkt i HR-ramma er det her sett på om tilsette i grunnskulen skal arbeide saman i grupper eller ikkje etter at oppfølging av elevfråværet er iverksett. Om grupper blir det hevda i HR-

ramma at den treng leiing for å utvikle ei felles oppleving og retning av forplikingar (Bolman & Deal, 2018, s. 218). HR-ramma legg til grunn at grupper har meir kunnskap, større perspektivbredde og meir tid og krefter til disposisjon enn dei som arbeidar åleine (Bolman & Deal, 2018, s. 211). Det er også analysert om tilsette får opplæring, for dette er ei av tilnærmingane som kan bli nytta for å styrke banda i organisasjonen (Bolman & Deal, 2018, s. 195).

Ovanfor såg vi i utdraga frå alle handlingsplanane at heimen skal bli kontakta av kontaktlærer når definisjonen på alvorleg fråvær er til stades. Dermed ser vi i denne første delen av oppfølginga at kontaktlærer er åleine i arbeidsoppgåva. Men på ei annan side ser vi at kontaktlærer likevel skal arbeide i gruppe, fordi det er samarbeid med heimen når kontaktlærer søker etter meir informasjon om fråværet til eleven. HR-ramma trekker fram at dei organisasjonane som har tilsette som manglar kunnskapar og ferdigheiter kan gjere dyre feilgrep (Bolman & Deal, 2018, s. 181). I tillegg hevdar HR-ramma om grupper at dei har meir kunnskap (Bolman & Deal, 2018, s. 211). Ved at kontaktlærer i denne delen skal samarbeide med heimen i alle handlingsplanane, kan heimen i denne delen føre til at kontaktlærer får meir kunnskap om fråværet til eleven.

Etter at kontaktlærer har hatt den første samtalen med heimen, skal det vere møte mellom foreldre, ev. elev saman med kontaktlærer og eventuelt andre involverte tilsette eller instansar. Dette ser vi i alle dei fem handlingsplanane. Det vi ser her er at det skal bli danna grupper i alle handlingsplanane, men at samansetninga av kven som skal delta i møta er noko ulik. I Nittedal (2023, s. 22-23), Volda (2023, s. 5) og Orkland (2020) består gruppa som skal samarbeide om fråværet i dette stadiet av føresette, elev og kontaktlærer. I Kristiansand (2016, s. 4) og Senja (2020, s. 12) er det fleire tilsette enn berre kontaktlærer som skal vere med i dette samarbeidet, noko som fører med seg meir kunnskap inn i arbeidet med oppfølginga av elevfråvær (Bolman & Deal, 2018, s. 211). I alle handlingsplanane skal også tiltaka bli evaluerte i møte etter ei viss tid, for å finne ut om tiltaka har fungert eller om ein bør lage nye tiltak og eventuelt kople på aktuelle andre samarbeidspartnerar, noko som også kan bidra til meir kunnskap inn i samarbeidet (ibid).

I alle handlingsplanane er det både vedlegg og/eller ressursbankar med hjelp til samtale, forslag til spørsmål, mal på samarbeidsavtale, mal på evaluering av samarbeidsavtale, forslag til tiltak, forslag til tiltak i heimen og informasjonsfolder til føresette som tilsette kan bruke i arbeidet med oppfølging av elevfråvær. HR-hevdar at ei gruppe treng leiing for å utvikle ei felles oppleving og retning av forplikingar (Bolman & Deal, 2018, s. 218). Opplæring er også ei av tilnærmingane som kan bli nytta

for å styrke banda i organisasjonen (Bolman & Deal, 2018, s. 195). Ved å ha vedlegg som kan bli brukte av tilsette i arbeidet med oppfølging av elevfråvær, kan det føre til at dei tilsette har ein felles måte å arbeide på med oppfølging av elevfråvær, samt at vedlegga kan vere ei form for opplæring i korleis arbeidsoppgåvene kan bli utførte.

Ei oppsummering av funna i oppfølging av alvorleg elevfråvær i lys av HR-ramma viser:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Når definisjonen «alvorleg elevfråvær» er til stades skal kontaktlærer først samarbeide med føresette for å finne ut meir om elevfråvær.
- Det står deretter i alle handlingsplanane at det skal vere samarbeid mellom kontaktlærer, føresette og elev for å finne tiltak mot fråværet.

Dette er ulik tilråding i handlingsplanane:

- I Kristiansand (2016) og Senja (2020) er det også fleire tilsette enn berre kontaktlærer som skal vere med i samarbeidet med heimen om fråværet.

Vi ser dermed at det er likt at kontaktlærer først skal arbeide i gruppe saman med føresette, men deretter er det ulikt om dette arbeider i gruppe fortset, eller om det blir fleire tilsette involvert i oppfølginga.

### 5.3.3 Den politiske ramma

Her er det presentert kva som kan vere makt (Bolman & Deal, 2018, s. 228) og konflikt (Bolman & Deal, 2018, s. 44) i arbeidet med oppfølging av elevfråvær.

Det første som skjer når definisjonen på alvorleg elevfråvær er til stades, er at det er kontaktlærarar i Nittedal (2023), Volda (2023), Orkland (2020) og Senja (2020) som skal avgjere kva som skal skje vidare etter samtale med heimen, og om kontaktlærarane meiner at ein framleis bør følgje opp fråværet eller ikkje. Sett frå den politiske ramma har kontaktlærer i denne delen makt til å få ting til å skje (Bolman & Deal, 2018, s. 228). Det er kontaktlærer som skal undersøke årsaka til fråværet, og sett frå den politiske ramma kan dette henge saman med at kontaktlærer har informasjon om

eleven, og såleis har makt som kan bli brukt for å løyse problemet med fråværet (jf. Baldrige 1971, m.fl; Bolman & Deal, 2018, s. 236). I Kristiansand (2016) skal «skulen» kalle inn til møte raskt når definisjonen er til stades. I lys av den politiske ramma kan det oppstå konflikt sidan det ikkje er tydeleg kvar makta ligg hjå dei tilsette når det kjem til kven som er «skulen», og dette kan føre med seg at ingenting blir gjort fordi makta er fordelt på så mange. (Bolman & Deal, 2018, s. 44).

Vidare skal det ut i frå alle handlingsplanane bli organisert møte mellom skule og heim for å kartlegge fråværet, og for å finne tiltak ein skal setje inn. Ein ser her at kontaktlærer er åleine med denne makta i Nittedal (2023) og Volda (2023), medan i Kristiansand (2016), Orkland (2020) og Senja (2020) er det fleire tilsette saman som har denne makta. Sett frå den politiske ramma blir det hevda at dersom makta blir samla på feil plass, eller spreidd på så mange at ingenting blir gjort, då kan problem oppstå (Bolman & Deal, 2018, s. 44). Det blir også hevda at makta blir flytta til dei som har informasjonen og fagkunnskapen som skal til for å løyse viktige problem (Baldrige 1971, m.fl; Bolman & Deal, 2018, s. 236). I lys av den politiske ramma er ikkje makta samla på mange i nokon av handlingsplanane, og sidan både føresette, elev og kontaktlærer skal arbeide med tiltak i oppfølginga er det personar i kvardagen til eleven som skal arbeide med å løyse fråværet, saman med eleven. Dette kan dermed bli forstått ved at handlingsplanen er organisert slik at ein tenker at kontaktlærer er den som kjenner eleven best, og såleis er best rusta til å handtere og finne løysingar på fråværet, men at det også jamleg skal bli vurdert å involvere andre instansar. Involvering av andre instansar kan føre med seg fagkunnskapen som skal til for å løyse problemet (Baldrige 1971, m.fl; Bolman & Deal, 2018, s. 236). Den politiske ramma hevdar også at makt og konflikt står sentralt når det skal bli tatt avgjerder (Bolman & Deal, 2018, s. 243). Det som kan skje når gruppa skal samarbeide, er at det kan oppstå konflikt, men sett i frå den politiske ramma er konflikt mellom anna rota til personleg og sosial endring (Bolman & Deal, 2018, s. 241). Det kan oppstå konflikt i samarbeidet, fordi ein kan vere ueinige om kva tiltaka vidare i arbeidet med eleven skal vere. Men samarbeidet skal finne stad for å løyse utfordringa med elevfråværet, og i lys av den politiske ramma kan konflikt føre til personleg og sosial endring (ibid), og når eleven har «alvorleg elevfråvær» så er det endring ein er ute etter.

Ei oppsummering av funna i oppfølging av alvorleg elevfråvær i lys av den politiske ramma viser:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- Kontaktlærer har makt til å sette i gong oppfølging av fråværet.
- Konflikt kan oppstå ved bruk av ord som *skule* og *snarleg* fordi rollefordelinga er uklar.

- Det kan oppstå konflikt fordi ein kan vere ueinige om kva tiltaka vidare i arbeidet med eleven skal vere.

Dette er ulik tilråding i handlingsplanane:

- Kontaktlærarar i Nittedal (2023) og Senja (2020) skal undersøke fråværet og avgjere om det skal vere møte eller ikkje.
- I Orkland (2020) skal kontaktlærar drøfte «alvorleg elevfråvær» på teammøte, og i samarbeid skal dei bestemme om det er behov for vidare kartlegging eller ikkje.
- I Volda (2023) og Kristiansand (2016) skal det vere møte med heimen uansett.

Her kan ein konkludere med at det er likt i handlingsplanane at kontaktlærar har makt til å sette i gong oppfølging av fråværet. Det kan oppstå konflikt fordi ein kan vere ueinige om kva tiltaka vidare i arbeidet med eleven skal vere. Det kan oppstå konflikt fordi ordet *skule fører* til at makta er fordelt på mange.

#### 5.3.4 Den symbolske ramma

I denne delen er det presentert korleis ein kan forstå tilsette sine arbeidsoppgåver under oppfølging av elevfråvær i lys av den symbolske ramma.

Det første som skal skje under oppfølging av alvorleg elevfråvær er at kontaktlærar i dei fem kommunane skal kontakte heimen for å finne ut meir om fråværet. I lys av den symbolske ramma, kan kontaktlærar si kontakt heim for å finne ut årsaka til fråværet i alle dei fem kommunane vere eit symbol for å fjerne forvirring og finne ein retning angående fråværet (Bolman & Deal, 2018, s. 291). Ved bekymring for fråværet skal det vere møte mellom kontaktlærar, føresette og evt. elev og andre instansar for å samarbeide om å kartlegge fråværet, lage samarbeidsavtale med tiltak og evaluere tiltaka, som evt. skal justerast eller endrast. Møte mellom heim og skule kan og bør forsøke å fjerne forvirring og finne retning (Bolman & Deal, 2018, s. 291) i arbeidet med elevfråvær. Tiltaksbank og andre vedlegg kan brukast i oppfølginga av elevfråvær for å finne retning i arbeidet. Det vi dermed ser i dei fem handlingsplanane er at det er lagt vekt på å løyse utfordringane i lag. (Bolman & Deal, 2018, s. 329). I lys av den symbolske ramma vil det gjennom eit slikt møte, der kontaktlærar,

føresette, elev og eventuelt andre er samla, vere mogleg at dei involverte får rom til å lage eit felles mål (Bolman & Deal, 2018, s. 181) for korleis dei skal arbeide med å få eleven tilbake på skulen.

Ei oppsummering av funna i oppfølging av alvorleg elevfråvær i lys av den symbolske ramma viser:

Dette er lik tilråding i handlingsplanane:

- I handlingsplanane er det symbolsk at kontaktlærer skal ha møte og samarbeid med elev og føresette for å kartlegge fråværet, lage samarbeidsavtale med tiltak og evaluere tiltaka, som ev. skal justerast eller endrast, noko som fører til moglegheit for å lage felles mål og retning i arbeidet.

Dette er ulik tilråding i handlingsplanane:

- Innhaldet i handlingsplanane er ulikt.

Ei oppsummering av oppfølging av elevfråvær i lys av den symbolske ramma viser at i alle dei fem handlingsplanane er det symbolsk at kontaktlærer skal ha møte og samarbeid med elev og føresette, samarbeide om å kartlegge fråværet, lage samarbeidsavtale med tiltak og evaluere tiltaka, som ev. skal justerast eller endrast, noko som fører til moglegheit for å lage felles mål og retning i arbeidet.



## 6. Drøfting av funn

I studien «Kommunale handlingsplanar – ei temaanalyse av grunnskulen sitt arbeid med elevfråvær» har eg sett på korleis tilsette arbeider med elevfråvær. Med dette som utgangspunkt har problemstillinga i studien vore følgande:

*«Korleis tilrår kommunale handlingsplanar at tilsette i grunnskular kan arbeide med elevfråvær?».*

### 6.1 Elevfråvær

Ei oppsummering av funna i fem kommunale handlingsplanane om elevfråvær i grunnskulen viser at alle tilsette i grunnskulane er anbefalt å arbeide med førebygging, definisjonar og oppfølging av alvorleg elevfråvær, og at det er både likskapar og ulikskapar i korleis tilsette arbeider innan desse områda. Eit funn er at det ikkje er klart definert kva som vert rekna som fråvær, som til dømes å komme for seint. Er det eitt minutt eller 10 minutt? Eit anna omgrep er «gjentakande forseintkomingar». Kor mange er det? Det blir opp til den enkelte si tolking, noko som kan medføre forskjellsbehandling og gir stor makt til den som registrerer fråvær. Dersom ein arbeider i team kan dette blir korrigert, men planane som er undersøkte viser at ikkje alle arbeider i team. Det bør derfor vurderast å innføre ein nasjonal rettleiar som sikrar like definisjonar, slik at fråvær kan bli ført på same måte over heile landet.

#### 6.1.1 Bolman & Deal (2018): Førebygging, definisjon og oppfølging av elevfråvær

I analysen av dei fem handlingsplanane er det både like og ulike tilrådingar for korleis tilsette i grunnskulen er anbefalt å arbeide med førebygging, definisjonar og oppfølging av elevfråvær. Ei oppsummering av funn, viser at i tydelege system kjem det fram kven av dei tilsette som skal gjere kva, og hindre at det skjer feil. Funn i handlingsplanane viser at når arbeidsoppgåvene er generelle, lite konkrete og ikkje gitt til bestemte tilsette, så kan dette føre til at arbeidsoppgåvene ikkje blir gjennomførte fordi det skjer individuelle feil. Funn i analysen av definisjonar av elevfråvær viser at i handlingsplanane er det likt at alle kommunar har definisjonar for «alvorleg elevfråvær», men at innhaldet i definisjonane er ulikt. Det er tydeleg å forstå tal timar eller dagar med fråvær, medan andre definisjonar er utydeleg grunna val av ord som «forseintkoming» og «gjentakande». Funn viser også at kontaktlærar har arbeidsoppgåver under førebygging, definisjon og oppfølging av elevfråværet, men at det er ulikt om kontaktlærar er åleine i denne prosessen eller om andre tilsette

også har arbeidsoppgåver i desse fasane. Funn viser også at sidan kontaktlærer har flest arbeidsoppgåver, så er det også kontaktlærer som har makt til å få arbeidsoppgåvene til å skje. Funn viser at det kan oppstå konflikt dersom arbeidsoppgåvene er utydelege. Handlingsplanane er viktige fordi dei har ein symbolsk betydning for tilsette, føresette og elevar for korleis dei skal arbeide med elevfråvær. Men funn viser at ikkje alle tilsette, føresette og elevar får opplæring i handlingsplanane.

## 6.2 Funn i forskingsspørsmåla

Med utgangspunkt i Bolman & Deal (2018) sitt rammeverk går det an å vise samanhengen mellom kvar ramme og forskingsspørsmåla slik:

- Den strukturelle ramma: Korleis er arbeidsoppgåvene til tilsette i skulen organiserte?
- HR-ramma: Kva er innhaldet i arbeidsoppgåvene?
- Den politiske ramma: Korleis kan makt og konflikt oppstå i arbeidet?
- Den symbolske ramma: Korleis arbeider tilsette for at eleven vil vere på skulen?

### 6.2.1 Korleis er arbeidsoppgåvene til tilsette organisert?

Vi ser at kontaktlærer har arbeidsoppgåver i arbeidet med førebygging, definisjon og oppfølging av elevfråvær. Det er råd for korleis tilsette kan arbeide førebyggande med elevfråvær, det er definisjonar på kva som er «alvorleg elevfråvær», og arbeidsoppgåvene er organiserte slik at dersom ein elev har alvorleg elevfråvær, så skal kontaktlærer iverksette oppfølging av fråværet. I oppfølging av elevfråvær skal kontaktlærer vere med på møte saman med elev og føresette for å utarbeide tiltak, og desse skal bli evaluerte etter ei viss tid. Det er ulikt om fleire tilsette skal bli involverte i denne prosessen og når. Oppfølginga skal halde fram til fråværet til eleven har betra seg.

### 6.2.2 Korleis skal tilsette utføre arbeidsoppgåvene?

Det er kontaktlærer som skal utføre dei fleste arbeidsoppgåvene. Det er både konkrete arbeidsoppgåver som skal bli utførte, som til dømes å føre fråvær, men også generelle råd som kan bli utført, som til dømes heim-skule-samarbeid i ein førebyggande fase. Dei andre tilsette kan også utføre generelle arbeidsoppgåver for å arbeide med elevfråvær, men det framstår som at dette i så fall er meir frivillig. I nokon kommunar skal kontaktlærer arbeide i team, medan i andre er kontaktlærer åleine. I oppfølginga skal dette skje på skulen i samarbeid mellom kontaktlærer, heim

og eleven. Dersom kontaktlærer vurderer at det er behov for å involvere andre instansar skal desse bli involverte. Det er ulikt i kommunane om også andre tilsette, som til dømes rektor, skal vere med under oppfølginga.

### 6.2.3 Korleis kan makt og konflikt oppstå i arbeidet med elevfråvær?

Makt kan oppstå i arbeidet med elevfråværet ved at tilsette har fått tildelt arbeidsoppgåver som skal bli utført. Konflikt kan oppstå fordi tilsette kan vere ueinige om kven som skal gjere kva, grunna uklar rollefordeling eller grunna val av ord eller uklare arbeidsinstruksar.

### 6.2.4 Korleis arbeider tilsette for at eleven skal vere på skulen?

Tilsette kan og bør arbeide førebyggjande for at elevar vil vere på skulen. Kontaktlærarar arbeider med definisjonar av «alvorleg elevfråvær», for å skilje mellom elevar som skal ha oppfølging grunna fråværet eller ikkje. Dersom elevar har behov for oppfølging skal det bli samarbeida med heimen for å finne tiltak som gjer at fråværet til eleven betrar seg. Under samarbeidet skal det bli laga tiltak og desse skal også bli evaluerte for å finne ut om fråværet har betra seg. Tiltaka kan bli justerte undervegs. Dersom tilsette vurderer at det er behov for det, så skal dei kople inn andre instansar.

Ei oppsummering viser at kommunale handlingsplanar tilrår at kontaktlærarar har flest arbeidsoppgåver i arbeidet med elevfråvær.

## 6.3 Drøfting av funn i lys av kunnskapsstatus

### «Risk Factors for School Absenteeism and Dropout: A Meta-Analytic Review»

Denne artikkelen (Gubbels et al., 2019) uttrykkjer at det kan vere ulike livsløpsproblem som er forbunde med skulefråvær og fråfall. Grunnen til at denne artikkelen er relevant i denne studien er for å undersøke om handlingsplanane har rutinar for å arbeide med å kartlegge ulike livsløpsproblem hos barnet, og om og når dette skjer i arbeidet i grunnskulen. Funn i studien viser at barn blir kartlagt i grunnskulane, men dette skjer først etter at barnet har utløyst ein av definisjonane på alvorleg elevfråvær. Ut i frå funna som blei gjort i studien Gubbels et al., (2019) formidlast negativ haldning til skule, rusmisbruk eller at det er lågt foreldre-skuleengasjement. Alle dei fem kommunane skal

kartlegge kvifor eleven har alvorleg elevfråvær, men det står ikkje konkret at denne inneber moment som inkluderer ei kartlegging av livsvanskar hjå eleven.

«Reconciling Contemporary Approaches to School Attendance and School Absenteeism: Toward Promotion and Nimble Response, Global Policy Review and Implementation, and Future Adaptability (Part 1)»

I denne artikkelen står det at ein kan kartlegge elevar ved å bruke eit spekter til å identifisere utfordringar på bakgrunn av fråvær (Kearney et al., 2019). Funna i handlingsplanane viser at det ikkje er brukt verken dette spekteret eller andre typar spekter for å identifisere problem med skuleoppmøte. I dei fem handlingsplanane blir det derimot arbeidd med definisjonar av fråvær som skal identifisere om eleven har alvorleg elevfråvær (Kristiansand kommune, 2016, s. 4; Volda, 2023, s.3; Nittedal, 2023, s.21; Orkland kommune, 2020; Senja kommune, 2020 s. 5).

«A new program to prevent primary school absenteeism: Result of a pilot study in five schools»

I denne artikkelen er det forska på å førebygge fråvær gjennom programmet «Early Truancy Prevention Project» (ETPP) som handlar om at på nivå 1 er det universelle tiltak, og på nivå 2 og 3 er det fokuserte tiltak dersom eleven har eit problematisk oppmøtemønster (Cook et al., 2017). Funna i studien viser at det er anbefalt at tilsette i dei fem kommunane arbeider med førebyggjande arbeid, og dette kan ein også kalle for universelle tiltak, fordi dei skal omfatte alle elevar. Ein ser også i artikkelen at det på nivå 2 og 3 blir jobba med fokuserte tiltak, og funna i analysen viser at i dei fem handlingsplanane blir det også arbeidd med fokuserte tiltak under «oppfølging av elevfråvær» (Kristiansand kommune, 2016, s. 4; Volda, 2023, s. 5; Nittedal, 2023, s. 24-26; Orkland kommune, 2020; Senja kommune, 2020 s. 14-16).

## 6.4 Drøfting av funn i lys av politikksirkelen

### Dagsorden

Under «Dagsorden» kunne vi lese i kapittel 1 at Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) fortalte at det ikkje finst ein nasjonal statistikk over skulefråvær, og at ho har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å vurdere korleis vi kan få betre informasjon om fråvær i skulen, og kva som kan bli gjort for å auke nærværet på kort og lang sikt (Nrk, 2022b). Funna i studien viser at det er nokre like tilrådingar som tilsette arbeider med i førebygging og oppfølging av elevfråvær. Funna i handlingsplanane som er

like, som til dømes at tilsette skal føre fråvæ, er ein måte skulane bruker for å få informasjon om fråværet i skulen. Dei ulike funna syner at det er ulikt om det er kontaktlærar som arbeider åleine med heimen for å samarbeide om tiltak for å redusere fråværet, eller om rektor og andre instansar er involverte. Det kan tyde på at sidan vi ikkje veit kva som kan bli gjort for å betre nærværet på kort og lang sikt, så er det ulike tilrådingar for korleis tilsette i grunnskulen skal løyse dette.

Tonje Brenna trakk fram at frå 1. august 2022 blei velferdstenestene sine plikter til å samarbeide med kvarandre tydeleggjorde og styrka, der mellom anna PPT, skulehelsetenesta, barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og barnevern blir nemnt (ibid). Funna i denne studien viser at i alle handlingsplanane skal det undervegs bli vurdert om andre instansar skal bli kopla inn i arbeidet med skulen og heimen om elevfråværet. Det kan tyde på at velferdstenestene sitt samarbeid med skulen er nemnt som ei av tilrådingane i handlingsplanane. Det er også ein observasjon å merke seg at fleire av handlingsplanane vart laga før august 2022, noko som kan tyde på at samarbeidet allereie var oppretta før Tonje Brenna (NRK, 2022b) tydeleggjorde og styrka samarbeidet.

Professor Marie-Lisbet Amudsen meiner det må på plass ei lovending, som sikrar at alle skular har ein handlingsplan når elevar ikkje vil på skulen, slik at tiltak blir settast inn straks. Forskar Trude Havik (2020) etterlyser eit nasjonalt registreringssystem for å få oversikt over elevane sitt fråvæ og fråværsmonster, for i følgje ho utviklast skulefråvæ gradvis, og derfor er det viktig med tidlege tiltak (Havik, 2020). Stortingsrepresentant Mathilde Tybring Gjedde (Høgre) ynskjer også ein nasjonal oversikt over fråværet til norske elevar (Nrk, 2022a). Funna i handlingsplanane viser at alle kommunane har system for føring av fråvæ, har utarbeidd ulike definisjonar på alvorleg elevfråvæ og at når elevar oppfyller ein av kommunane sine definisjonar av alvorleg elevfråvæ blir det sett inn tiltak.

Ei oppsummering av funn sett i lys av dagsorden viser at i handlingsplanane er det anbefalt at tilsette kan samarbeide med andre velferdstenester etter behov, og at dei skal føre fråvæ og samarbeide med heimen om tiltak. Men det er også ulike tiltak i handlingsplanane, som til dømes om det er kontaktlærar åleine eller saman med andre tilsette som skal samarbeide med heimen om å betre fråværet. Dette kan tyde på at sidan det ikkje er ei nasjonal oversikt over fråværet, så er det utfordrande å vite kva av tilrådingane i handlingsplanane som gir, eller ikkje gir, ønska effekt i arbeidet med elevfråværet.

### **Politikkutforming**

I meldingar til Stortinget kunne vi lese at det i PISA-undersøkinga frå 2000 finst berekningar som tyder på at rundt 10 prosent av fråværet til 15-åringar er høgt, noko som tyder på at skjult fråfall i grunnskulen kan vere eit omfattande problem (Willms 2003; St. meld. nr. 16 (2006-2007), s. 45). Ein les også om at fråværet til eleven skal førast kvar termin (St.meld. nr 31 (2007-2008), s. 56).

Regjeringa forventar at skulane fangar opp og følgjer opp elevar med høgt fråvær i grunnskulen, at dei har gode registreringssystem og at tverrfagleg samarbeid er viktig (Meld. St. 6 (2019-2020)).

Departementet har bede Utdanningsdirektoratet om å lage ein rettleiar for oppfølging av fråvær i grunnskulen (ibid). Funn i studien viser at skulane har system for å registrere og følgje opp elevar som har «alvorleg elevfråvær», og at det skal bli gjort vurderingar undervegs om ein bør samarbeide med andre instansar for å betre fråværet. Ein observasjon å merke seg her er at det ikkje er i alle kommunane årsaka til fråværet skal bli registrert, noko som viser at handlingsplanane er ulike. Det er ikkje kome ein nasjonal rettleiar for oppfølging av fråvær i grunnskulen.

### **Vedtak**

I utdraga frå Opplæringslova ser vi at skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst (Opplæringslova, 2022, § 1-1). Eleven skal ha tilpassa opplæringa etter evner og føresetnadar (Opplæringslova, 2022, § 1-3), og alle barn i Noreg har rett og plikt til grunnskuleopplæring (Opplæringslova, 2022, § 2-1). Funn i studien kan tyde på at sidan tilsette registrerer eleven sitt fråvær og har definisjonar på «alvorleg elevfråvær», så vil dette arbeidet føre til at tilsette oppdagar om eleven byrjar å få mykje fråvær, noko som kan gå ut over at eleven ikkje får grunnskuleopplæring. Sidan alle kommunane set i gong samarbeid med heimen ved alvorleg elevfråvær, er dette ein måte å arbeide på for å sikre at eleven skal få vere med på å samarbeide om kva tiltak som skal bli gjort for at eleven skal vere i skulen. Sidan tiltaka skal bli utarbeidde i samarbeidet med heimen, opnar dette opp for at tiltaka kan omfatte alt i frå tilpassing i klasserommet til det sosiale, eller andre tiltak. Tiltaka kan såleis også omfatte at tilsette arbeider med at elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø (Opplæringslova, 2022, § 9 A-2), og at skulen skal gjere undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning dersom eleven eller foreldra krev det (Opplæringslova, 2022, § 5-4).

Ein annan paragraf i Opplæringslova viser at det er rektorar som skal leie opplæringa i skular (Opplæringslova, 2022, § 9-1). Funn i handlingsplanane viser at rektor blir involvert i arbeidet med elevfråvær på ulike tidspunkt. Dette viser at rektor har ulik grad av ansvar i arbeidet med elevfråvær.

Ut frå handlingsplanane er ikkje rektor involvert i førebygginga eller definisjonen av elevfråvær, men i oppfølgingsfasen etter at eleven har utvikla alvorleg elevfråvær.

I Opplæringslova står det også at foreldra eller andre som har omsorg for eleven kan bli straffa med bøter dersom fråvær kjem av at dei har handla forsetteleg eller aktlaust (Opplæringslova, 2022, § 2-1). Funn i handlingsplanane viser at dersom eleven oppnår definisjonen på alvorleg elevfråvær skal det bli kalla inn til samarbeid mellom skulen og heimen, og dette kan opne opp for å avdekke om foreldre har handla forsetteleg eller aktlaust med tanke på fråværet til eleven.

### 6.5 Kva for rammer kastar best lys over problemstillinga?

Problemstillinga har blitt svara på ved å analysere fem kommunale handlingsplanar i lys av Bolman & Deal (2018) sine fire fortolkingsrammer. Eg valde å analysere handlingsplanar fordi mange av rutineane i arbeidslivet er nedfelt i planar. Teorien til Bolman & Deal (2018) har vore nyttig for å sjå på innhaldet i handlingsplanane frå ulike synsvinklar, og for å bli bevisst på korleis ord i slike planar kan påverke utføringa av arbeidsoppgåver. Den ramma som kastar best lys over problemstillinga er den strukturelle ramma. Grunnen til det er at ved å bruke dette perspektivet kjem arbeidsoppgåvene og kven som skal utføre dei fram, eller så avdekkjer den strukturelle ramma at handlingsplanen ikkje viser til dette.

### 6.6 Kort refleksjon over at det ikkje finst ei nasjonal oversikt over skulefråvær.

Bakgrunn for masterstudien har vore utfordringane som er knytt til elevfråvær. Førebels finst det ikkje ei nasjonal oversikt over skulefråværet i Noreg. Det finst heller ikkje ein nasjonal plan for korleis kommunar skal handtere skulefråvær. Det er også ukjent om dei gjeldande handlingsplanane har påverka fråværet etter at dei blei innførte. Kanskje det kan vere hensiktsmessig å innføre eit nasjonalt fråværsregister? Dersom dette blir knytt til korleis tilsette arbeider med fråvær, kan vi finne ut meir om samanhengen mellom korleis tilsette i grunnskular arbeider med fråvær, og kva dette har å seie for fråværet til eleven. På bakgrunn av samanhengen mellom korleis tilsette arbeider med elevfråvær i grunnskulen og utviklinga av fråværet til eleven, kunne ein deretter ha utarbeid ein nasjonal handlingsplan for korleis tilsette skal arbeide med fråvær i grunnskulane.

## 6.7 Forslag til vidare forskning

Eit forslag er å kontakte tilsette i kommunane der handlingsplanane er henta i frå, for å undersøke om det finst ei kommunal oversikt over fråværet. Ei slik oversikt kan bli brukt til å undersøke om fråværsmonsteret har endra seg, før og etter at dei kommunale handlingsplanar blei tatt i bruk. Det kunne også ha vore interessant å intervjua tilsette i kommunane for å høyre deira erfaring med bruk av handlingsplanane. Eit sentralt spørsmål er å undersøke korleis tilsette synest handlingsplanane fungerer. Det kunne også ha vore interessant å intervjue elevar eller føresette som hadde vore gjennom utfordringar med fråvær i kommunane, for å undersøke deira erfaringar og sett dei opp mot rutinar i handlingsplanen.



## 7. Litteraturliste

- Bolman, L. G. & Deal, T. E. (2018). *Nytt perspektiv på organisasjon og ledelse. Struktur, HR, politikk og symboler* (6. utg.). Gyldendal.
- Bukve, O. (2021). *Forstå forklare forandre: om design av samfunnsvitenskaplege forskingsprosjekt*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Cook, P. J., Dodge, K. A., Gifford, E. J. & Schulting, A. B. (2017). A new program to prevent primary school absenteeism: Result of a pilot study in five schools.  
<https://doi.org/10.1016/j.childyouth.2017.09.017>
- Erdis, M. & Bjerke, A.-K. (2009). *Juss for pedagoger*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Gubbels, J., van der Put, C. E. & Assink, M. (2019). Risk Factors for School Absenteeism and Dropout: A Meta-Analytic Review. *J Youth Adolesc*, 48(9), 1637-1667. <https://doi.org/10.1007/s10964-019-01072-5>
- Havik, T. (2018). *Skolefravær: Å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring*. Gyldendal Akademisk.
- Havik, T. (2020). - Vi vet ikke hvor stort problemet med skolefravær egentlig er, sier skoleforsker.  
<https://forskning.no/barn-og-ungdom-partner-skole-og-utdanning/vi-vet-ikke-hvor-stort-problemet-med-skolefravaer-egentlig-er-sier-skoleforsker/1714793>
- Howlett, M., Ramesh, M. & Perl, A. (2020). *Studying Public Policy. Principles and Processes* (4. utg.). Oxford University Press.
- Kearney, C. A., Gonzàlves, C., Graczyk, P. A. & Fornader, M. J. (2019). Reconciling Contemporary Approaches to School Attendance and School Absenteeism: Toward Promotion and Nimble Response, Global Policy Review and Implementation, and Future Adaptability (Part 1).  
<https://www.frontiersin.org/articles/10.3389/fpsyg.2019.02222/full>
- Kjeøy, I. & Lysvik, R. R. (2023). Kunnskapsstatus om bekymringsfullt fravær i skolen.  
<https://www.fafo.no/images/pub/2023/20849.pdf>
- Kristiansand kommune. (2016). *Elever som uteblir fra skolen - veileder for skolen*. Kristiansand kommune. <https://www.kristiansand.kommune.no/globalassets/innhold/barnehage-og-skole/bti/elever-som-uteblir-fra-skolen--en-veileder-for-skolen.pdf>
- Meld. St. 6 (2019-2020). *Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Kunnskapsdepartementet. [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?q=frav%c3%a6r&ch=1#match\\_0](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?q=frav%c3%a6r&ch=1#match_0)
- Meld. St. 21 (2016-2017). *Lærelyst - tidlig innsats og kvalitet i skolen*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/71c018d2f5ee4f7da7df44a6aae265bc/no/pdfs/stm201620170021000dddpdfs.pdf>
- Meld.St.28 (2015-2016). *Fag - Fordyping - Forståelse - En fornyelse av Kunnskapsløftet*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/?ch=2>
- Nittedal kommune. (2023). *Hver dag teller! Veileder for forebygging og oppfølging av alvorlig skolefravær*. Nittedal kommune. <https://www.nittedal.kommune.no/globalassets/02-dokumenter/ppt/hver-dag-teller-fullversjon-2023.pdf>
- Nrk. (2022a). Mener Norge mangler grunnleggende kunnskap om norske elever.  
<https://www.nrk.no/rogaland/vil-innfore-nasjonalt-fravaersregister-i-grunnskolen-for-a-reducere-fravaer-1.15920070>
- Nrk. (2022b). Slår alarm om ufrivillig skolefravær:- Sakene blir flere og barna blir yngre.  
<https://www.nrk.no/sorlandet/slar-alarm-om-ufrivillig-skolefravaer--sakene-blir-flere-og-barna-blir-yngre-1.16090430>
- Opplæringslova. (2022). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (LOV-2022-06-17-68). Kunnskapsdepartementet. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/S2-1>
- Orkland kommune. (2020). *Bekymringsfullt fravær i grunnskolen*. Orkland kommune.  
<https://www.orkland.kommune.no/bekymringsfullt-fravaer-i-grunnskolen.537370.no.html>

- Ringdal, K. (2020). *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (V. B. AS, Red. 4. utg.).
- Senja kommune. (2020). *Bekymringsfullt skolefravær*. Senja kommune.  
<https://www.senja.kommune.no/f/p1/ie2234e8c-5a68-4df9-9ea2-b1c215f068a3/bekymringsfullt-skolefravar-senja-med-folder-2022.pdf>
- St. meld. nr. 16 (2006-2007). *...og ingen sto igjen - Tidlig innsats for livslang læring*. Kunnskapsdepartementet.  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/a48dfbadb0bb492a8fb91de475b44c41/no/pdfs/stm200620070016000dddpdfs.pdf>
- St.meld. nr. 31 (2007-2008). (2007-2008). *Kvalitet i skolen*. Kunnskapsdepartementet.
- Stortinget. (2022). *Om regjeringens publikasjoner*. Stortinget.  
<https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Arbeidet/Om-publikasjonene/Regjeringens-publikasjoner/>
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitative metoder* (5. utg.). Fagbokforlaget.
- Thuelsen, N. P., Thorsnæs, G. & Røvik, S. (2023). Norge. I. Store norske leksikon. <https://snl.no/Norge>
- Utdanningsdirektoratet. (2011). *Små kommuner og skoleeierrollen*.  
[https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2011/5/sma\\_kommuner.pdf](https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2011/5/sma_kommuner.pdf)
- Volckmar, N. (2016). *Utdanningshistorie. Grunnskolen som samfunnsintegrerende institusjon*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Volda kommune. (2023). *Når fravær uroar oss*. Volda kommune.  
<https://www.volda.kommune.no/f/p39/i3a841220-7b07-4678-ad17-06529b318691/rettleiar-fravar-som-uroar-august-2019-1.pdf>

## Tabell og figuroversikt

Tabell nr. 1: Meldingar til Stortinget og relevans for studien s. 16.

Tabell nr. 2: Utdrag i frå opplæringslova og relevans for studien, s. 17.

Tabell nr. 3: Oversyn over kommunale handlingsplanar s. 27.

Figur 1: Spekter av skuleoppmøte og problem (Kearney et al., 2019), s. 10.